

Analyse av arbeidet med ny rettskriving for
nynorsk

—

Notat til Kulturdepartementet

Norskt Måldyrkingslag
Ivar Aasen-sambandet

14. august 2011

Norskt Måldyrkingslag er eit sjølvrådande akademi for det norske målet. Laget driv med opplysing om og dyrking av det norske målet, og vil gjera målet til ein god reidskap på alle omkverve i samfunn og tankeheim. Måldyrkingslaget vart skipa i 1928 og gjorde opptak til *Norsk Ordbok* i 1929.

Kontakt: Thorgeir Holm på *thorgeirholm [hjå] yahoo.no*

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnad for ei rad mållag. Sambandet verkar for kunnskap om og rettane til eit høgnorsk normalmål på nedervd norsk målgrunn. Ivar Aasen-sambandet vart skipa i 1965.

Kontakt: Sergej Alexander Munkvold på *munkvold [hjå] gmail.com*

Hugsa på miljøet og skriv ut på bae sidor so framt du treng utskrift.

Dette dokumentet er laga i X₃LA_TE_X.

Innhald

Innhald	iii
1 Føreord	1
2 Normeringsgrunnlaget – kva er nynorsk?	2
2.1 Målblanding og omdialektisering	2
2.1.1 Mønstret i omdialektiseringi	3
2.1.2 Omdialektisering som grunnlag for normering	3
2.2 Kulturmål eller administrasjonsmål	4
2.3 Konklusjon: omdefinering av nynorsk	4
3 Tilhøvet til bokmål	6
3.1 Meir bokmål og mindre nynorsk i nynorsk	6
3.2 Bokmålsmønster i nynorsk	6
3.3 Bokmål «inn bakdøri»	7
3.4 Nynorsk med bokmålsuttala	7
3.5 Konklusjon: tilnærming i ny ham	8
4 Metode – frekvens som fasit?	9
4.1 «Tekstkorpuset»	9
4.1.1 «Tekstkorpuset» i nemndearbeidet	9
4.1.2 «Tekstkorpuset» som arbeidsverktøy	10
4.1.3 Motstridande tal	10
4.2 Nye former	13
4.3 Normpress	13
4.4 Dialektkunnskap	14
4.5 Ymist om bøyingsverket	14
4.5.1 Fleirtal av hannkjønn på <i>-a</i> og <i>-nad</i>	15
4.5.2 Preteritumsendingane <i>-te</i> eller <i>-de</i> til linne verb i <i>døma</i> -klassa (e-verb)	16
4.5.3 Genus i substantiv på <i>-skap</i>	16
4.6 Konklusjon: metodisk fallitt	16
5 Valfridom og ei stram norm	18
5.1 Tri hovudtypar av valfridom	18
5.1.1 Typologisk valfridom	18

5.1.2	Valfri bøying	19
5.1.3	Valfri skrivemåte	19
5.2	Vanskeleg valfridom?	19
5.2.1	Praktisk og systematisk valfridom	21
5.2.2	Ein modell av valfridom	21
5.3	Frekvens og valfridom	22
5.3.1	Samanlikning – Del 1: oppteljing av valfrie former	22
5.3.2	Samanlikning – Del 2: teoretisk frekvensvekta valfridom	22
5.3.3	Samanlikning – Del 3: praktisk bruksvekta valfridom	23
5.4	Frekvens som rettesnor	24
5.5	Konklusjon: ei mindre stram norm	25
6	Ortografiske prinsipp	26
6.1	Mentale realitetar	26
6.1.1	Myten om midlinenynorsken	26
6.2	Diakront (språkhistorisk) og synkront (moderne) grunnlag	27
6.3	Ivar Aasen og ortografiske prinsipp	28
6.4	Konklusjon: prinsipløysa	29
7	Mandat og oppfølging	30
7.1	Departementet og Stortinget om prinsipp for framtidig normering	30
7.1.1	Sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming	30
7.1.2	Prinsippet om stabilitet	31
7.2	Vedtaket om å taka bort tonivåsystemet i nynorskrettskrivingi	33
7.3	Konklusjon: normering på ranga	34
8	Open prosess?	36
8.1	Netstaden www.nynorsk2011.org	36
8.2	Etter høyringsmøtet	36
8.3	Retorikk utan røynd	37
8.4	«Tilrådd norm»	38
8.4.1	Grunngjevingi for vedtaket om «tilrådd norm»	38
8.4.2	Skilet millom tilrådd og obligatorisk norm	39
8.4.3	Formelt og uformelt tonivåsystem	39
8.4.4	Vedlegg: «Språkrådets tilrådde norm»	40
8.5	Konklusjon: normering på kammerset	42
9	Ymse ord og former	43
9.1	Problematiske endringar	43
9.1.1	«Ulik ordlaging» og «tydingnyansar»	48
9.2	Gamle synder	49
9.3	Konklusjon: vantande kunnskap og kjennskap	50
10	Hovudkonklusjonar	51
	Avstyttingar	53

Føreord

Norskt Måldyrkingslag har i lag med andre organisasjonar og einskildpersonar i den tradisjonelle målrørsla, dei kallar, fylgt prosessen med framlegget til ny rettskriving for nynorsk tett. Me har vorte vare at korkje rettskrivingsnemndi eller dei andsvarlege i Språkrådet har synt serleg interesse for viktige grunnleggjande spørsmål i rettskrivingssaki, ikkje når me har reist desse spørsmåli til dei heller. Me meiner at rettskriving i seg sjølv er mindre viktig, og at det er *grunnlaget* for og *prinsippi* attom rettskrivingi som har mest å seia for nynorsk som praktisk bruks- og kultursmål.

Me har difor analysert nokre av desse grunnleggjande spørsmåli og sétt på korleis rettskrivingsnemndi og Språkrådet har handsama dei. Denne analysen er i fyrste rekkja mynta på dei fagleg andsvarlege i Kulturdepartementet.

Analysen syner at innstillingi til ny nynorskrettskriving i praksis omdefinerer nynorsk til ein variant av bokmål og tek inn ei rad nye former frå bokmål. Metoden som er nytta, er vilkårleg og skjemd av faktafeil. Trass i vidfemnande, men tilfelleleg utkasting av tradisjonelle og typologiske former vert framlegget mindre stramt enn gjeldande rettskriving. Prinsippi frå Stortinget og departementet om sjølvstendig normering av nynorsk og stabilitet i rettskrivingi er heilt tilsidesette. Prosessen har vore einspora, men utan at dei røynelege føresetnadene for arbeidet har vore framlagde for ålmenta, tvert imot det retoriske fokuset på ein «open prosess». Tanken om ei ny «tilrådd norm» gjer narr av heile prosessen. (Sjå òg hovudkonklusjonane s. 51–52.)

Me kunne diverre ikkje senda inn dette notatet tidlegare i prosessen. Me har teke opp mange av spørsmåli her før, men fekk diverre ingen respons frå rettskrivingsnemndi. På grunn av den stutte høyringsfristen, fåe opplysingar i sakpapiri og den vantande responsen var det uråd for friviljuge lag å fylgja opp alle dei faglege detaljane i denne saki i same tempoet.

Dersom departementet ynskjer omfram utgreiing av sume av spørsmåli i dette notatet, syter me gjerne for det.

Me vil òg nytta høvet til å ordbera medkjensla vår med dei tilsette i Kulturdepartementet og grannelaget deira etter stygghendet der nyleg.

Thorgeir Holm

Sergej Alexander Munkvold

Normeringsgrunnlaget – kva er nynorsk?

Me saknar ei opi førehaving av kva nynorsk er og skal vera. Det nynorske skriftmålet vart skipa som eit eige norsk kultur mål bygt på dei nedervde norske målføri. Samnorskpolitikken gjekk ut frå ei stoda der to ulike mål, tradisjonell norsk og norsk dansk bokmål, skulle smeltast saman gjennom teknokratisk styring. Denne politikken er offisielt avskipa. No lyt me taka eit oppgjær med det som vart gjort og kalla ein spade for ein spade, ikkje halda fram samnorskpolitikken under trakasserande ideologiske nemningar som «moderne nynorsk», som er lina nemndi ser ut til å leggja seg på i innstillingi:

«Mange av orda ovanfor har ei eldre form og ei form som kjennest meir moderne. Former som er svært alderdommelege eller svært sjeldsynte i bruk i skrift, har nemnda gått inn for å ta ut or rettskrivinga.» (s. 94)

2.1 Målblanding og omdialektisering

Fleirtalet av folk i Noreg i dag talar venteleg eitkvart blandingsmålet som ligg ein stad på skalaen millom eit nedervt målføre og bokmål. Mange nyttar fleire ulike målformer på denne skalaen, alt etter den sosiale samanhengen – kodeskifte, dei kallar. Ved mor si kan ein tala det nedervde målføret so godt ein har lært seg nyansane i det, på jobben i byen kan ein tala bokmål so godt ein har internalisert det, og so bortetter. Den einskilde vel òg ulike løysingar for alle elementi innan ordfang, grammatikk og ljodmønster på denne skalaen.

Denne stoda er i røyndi eit steg i ein omdialektiseringsprosess, der målføre som før var målføre av tradisjonell norsk, er på veg til å verta målføre av bokmål ved at dei tek over ordfang, grammatikk og ljodmønster etter førebiletet i bokmål. Dette har hendt med skotske målføre andsynes standard engelsk, nedertyske målføre andsynes standard høgtysk, oksitanske og arpitanske målføre andsynes fransk, skånske målføre andsynes rikssvensk, osv.

Det sereigne ved den norske stoda er soleis at denne prosessen kom i gang heller seint i store luter av landet, og at han gjeng føre seg trass i at nynorsk har formell status som offisielt mål. Årsaki til dette er omstridd; me kan peika på både vantande gjennomføring av formelle målrettar, og eit vantande operativt nynorsk standardmål.

Det praktiske spørsmålet som reiser seg, vert difor om nynorsk skriftmål skal halda fram ein normnedbrjotande tilnærmingspolitik og fotfylgja dei målføri eller rettare

sagt idiolektane som set bokmål som mønster, eller om det skal søkja eit fast normgrunnlag og halda seg til opphavet sitt, dei tradisjonelle målføri, som framleis vert tala. Ein tridje utveg er å stå fast i det vide kompromisset me har i dag, same kor inkonsekvent og uoversynleg flest alle tykkjer det er.

2.1.1 Mønstret i omdialektiseringi

Mønstret i denne omdialektiseringi er ikkje granska i serleg mon av norske sosiolingvistar, som helst set fokus på målførerestane og kallar prosessen regionalisering, og soleis ser bort frå den dominerande rolla bokmål spelar for utkoma av denne prosessen. Eit heiderleg unnatak er professor Brit Mæhlum, jf. boki hennar *Konfrontasjonar. Når språk møtes* (2007).

Me finn likevel eit teoretisk apparat å analysera omdialektiseringi med i utlendske studiar av parallelle prosessar i måli som er nemnde ovanfor. Som med skotsk:

«The fact that the range and quantity of Scots forms rise and fall together indicates that we are indeed dealing with a bipolar continuum, and not [...] with a single integrated linguistic system.»¹

Det tyder at målføri i dag ikkje endrar seg sætande gjennom ålmenn målvokster, slik me kan sjå det frå gamalnorsk tid, men at den einskilde målbrukaren skifter ut måldrag i målføret med måldrag frå eit anna målmønster – bokmål. Det nedervde målføret finst soleis framleis som eit separat mønster som berre endrar seg i den mon flest *alle* skifter ut same måldrag.

Slutningi vert at me ikkje kan tala om «moderne målføre» ut frå denne stoda – det handlar om individuelle taleformer, idiolektar, i eit kontinuum frå nedervde målføre til bokmål.


Nye målføre fær me fyrst når tilmåtingi til bokmål er so langt komi at det berre er nokre fåe sams opphavlege målmerke att som stend seg i grendi. Men då har det gjenge føre seg eit målskifte, og resultatet er eit «bokmålsmålføre».

2.1.2 Omdialektisering som grunnlag for normering

Med innsyn i omdialektiseringi kan me setja normsoga inn i målstoda her til lands. Aasen tok utgangspunkt i dei nedervde målføri og fann eit samlande norsk system som skilde seg frå dansk.

Riise-nemndi bryt tvert med prinsippi til Aasen og gjer bokmåliserte målføre til normgrunnlag, jf. figur 2.1. Då er det lite som skil mot bokmål. Tvert imot – i og med at bokmål er det røynelege normsentret for desse målføri, vert Riise-nynorsken berre eit avbrigde av bokmål – bokmål med diftongar, gjennomført hokjønn og *-ar*-endingar, attåt eit par «signalord». Dette rettskrivingsframlegget vert då utan tvil etterfylgt av seinare krav om rettskrivingsbrigde som skal «retta opp ting» som enno ikkje samstavaust heilt med bokmål. Det er «far vel» til nynorsk som eige kulturmål.

¹ Caroline I. Macafee: «Ongoing Change in Modern Scots: The Social Dimension», i *The Edinburgh history of the Scots language* (1997).



Figur 2.1: Aasen-normi (grøn ring) byggjer på nedervde målføre (grøne rundingar). Riise-normi (raud firkant) byggjer på bokmåliserte taleformer (ljosraude rundingar) og ligg dimed nært oppåt bokmål (raud runding).

2.2 Kulturmål eller administrasjonsmål

Det gjev seg sjølv at det ikkje finst noko skriftmål som kan stetta ynsket om samsvar millom alle dei ymsande, personlege målformene på éi sida, og eit einskapleg skriftmål på hi sida.

I staden meiner me at nynorsken lyt stydja opp om det sereigne nynorske i møtet med bokmålsamfunnet. Det ser diverre ut til at tanken om eit kulturmål er gjengen heilt i gløymeboki i denne normeringsprosessen. Nynorsk er eit påbode opplæringsmål i skulen, og då er det rett og slett dette som lyt vera fremste omsyni i normeringi. So fær dei uinteresserte tekstprodusentane i stat og forlag retta seg etter det. Hovudspørsmålet er då kva me vil taka vare på i den nynorske målarven, som bokmål ikkje kan gjeva oss.

Då kan ein ikkje sjå seg blind på alle tréi (statistikken), men få augo opp for skogen (systemet).

Skal ein hava eit kulturmål som varer, lyt ein hava eit mønster i sjølve målet, ikkje henta mønstret frå eit anna mål. Dei to mønstri som finst her i landet då, er tradisjonell norsk, samansystematisert av Ivar Aasen og ingen annan sidan, og bokmål – som me i grunnen har eit eige skriftmål til å taka seg av. Det skulle då vera tolleg greitt kva som lyt vera utgangspunktet – om ikkje naudsynleg fasiten – for eit eige nynorsk mønster.

Vil ein halda nynorsk oppe som eit eige kulturmål, lyt ein halda på dei tradisjonelle bøyingsystemi og skrivemåtane i stor mon.

2.3 Konklusjon: omdefinering av nynorsk

Ei norm som den rettskrivingsnemndi legg opp til, vert ein representant for eit lite utval av dei bokmåliserte blandingsmåli i Noreg. Hin enden av skalaen andsynes bokmål, tradisjonelle målføre, vert då ikkje representert ved noko offisielt godkjent mål – me fær eit offisielt medvit om bokmål, «nynorsk», samiske mål, kvænsk, rommani og romanes osb., men ikkje om tradisjonell norsk.

Gjennom innstillingi frå nemndi vert nynorsk i praksis omdefinert til ein morfologisk variant av bokmål. Det skjér i sumt ved at bokmåliserte blandingsmål vert rekna som normgrunnlag for nynorsk, i sumt ved at reint skriftspråkleg interferens frå bokmål vert rekna som «utviklingstendensar» i nynorsk skriftmål og dimed hjelte fram. Denne utviklingstanken minner sterkt om førestellingi om eit framtidsmål slik me kjenner det frå samnorskideologien. Men gravitasjonspunktet er utvitydugt bokmål, ikkje minst av di tanken om eit eige nynorsk standardmål i røyndi er oppgjeven gjennom denne typen normering.

Utdefineringi av tradisjonell nynorsk frå offisiell nynorsk fær uoverskodelige fylgjor for legitimiteten til nynorsk i samfunnet. Denne stoda gjev eit fagleg sterkt grunnlag for å reisa kritiske spørsmål om rolla til nynorsk i skuleverk og administrasjon, og om finansiering av nynorskinstitusjonar. Fleire kjem til å byrja skriva tradisjonell nynorsk utanom normi, og vil krevja godkjenning som eit røyndleg norsk mindretalsmål i landet, med dei målrettane det inneber. Denne absurde situasjonen er ein direkte konsekvens av utdefineringi og marginaliseringi av tradisjonell nynorsk.

Tilhøvet til bokmål

Samnorskpolitikken er offisielt avskipta av Stortinget, men det bryr ikkje rettskrivingsnemndi seg om.

Endå nemndi i arbeidet sitt har gjort eit poeng av å setja opp «signalord» til skil mot bokmål, med den grunngjevingi å hindra bokmålstufta nynorsktekstprodusentar i å velja bokmålsnære former automatisk, skin det klårt igjennom at bokmål framleis skal vera viktigaste rettesnori for rett og rangt i den nynorske målvegen. Signalordi har koka bort i kålen.

3.1 Meir bokmål og mindre nynorsk i nynorsk

I *Dag og Tid* 13. mai 2011 hadde Klaus Johan Myrvoll eit stykke der han talde opp kor mange former som gjekk ut or og kom inn i framlegget til ny norm. Det var 290 tilfelle av minska valfridom² og 136 tilfelle av heilt nye former.

120 av dei nye formene finn me beint att i bokmål, andre kjenner me frå ålgjengd bokmålsuttala.

Når det gjeld formene som skal ut, let nemndi den formi som samsvarar best med bokmål, stå i 234 av tilfelli.

Det er soleis ingen tvil om at bokmål fær større rom i nynorsknormi slik rettskrivingsnemndi tenkjer seg henne, på kostnad av tradisjonelle nynorskformer.

3.2 Bokmålsmønster i nynorsk

Me finn òg att bokmålspåverknaden i bøyingsmønstri.

Tradisjonelt har e-verbi i nynorsk gjennomført *-de* etter *r* i preteritum, men dette skjer nemndi ned til eit par former (s. 197 i innstillingi), *høyrde* og *køyrde*, attåt unnataki *gjorde* og *torde*. Her synest det som nemndi har gjort ein miss, med di dei seier at dei med dette skal gå attende til det gamle systemet:

«Ei innstramming inneber at me går tilbake til den tradisjonelle bøyinga av j-verb og e-verb.» (s. 199)

Men det gamle systemet er som nemnt med *-de*, og dét hadde trygt ein regel utan unnatak. Nemndi seier «nynorsk», men gjer «bokmål».

Me fær ei rad nye verbbøyingar med *-a* attåt *-de*, t.d. *leia* og *skada*. Argumentasjonen er at *a*-bøyingi breier seg:

² Myrvoll rekna ikkje gjennom alle kapitli, so det røynde talet er på kring 350.

«Tendensen til å bøya tradisjonelle e-verb som a-verb er klart sterkare i nyare tid, dvs. dei siste tjue åra. Det viser treffa i nynorskorpuset.» (s. 206)

«I talemålet er det ein aukande tendens til at verb med e-bøying får a-bøying.» (s. 207)

Men samstundes fær *trena* e-bøying attåt den tradisjonelle a-bøyingi, og a-bøyingi for *lima* ryk ut, so berre e-bøyingi stend att. Samnemnaren er dimes ikkje «ei utvikling mot a-bøying», men tilmåting til bøyingsmønstret i bokmål, der det heiter *trente* og *limte*, og *ledet* og *skadet* osb., der bm. *-et* svarar til nn. *-a*, jf. s. 10.

Framlegget til samsvarbøying (s. 208 i innstillingi), eller skorten på samsvarbøying, er vanskeleg å få skjøn på som anna enn ei tilmåting til det vakleворne systemet i bokmål, med grøtelege fylgjer for systemet i nynorsk. Det lyt soleis heita *bøkene er utgjevne*, men *bøkene er utgitt*, ikkje **bøkene er utgitte* eller **bøkene er utgjeve*. Venteleg lyt det like fullt heita *dei utgitte bøkene* so framt ein nyttar linn bøying her. Gjennomført samsvarbøying er sers einfelt samanlikna med denne floken. Attpåtil kan ein ikkje vera viss på kva som er partisipp og kva som er adjektiv, slik at det opnar for former som **frosent vatn* – ikkje veit me om det skal vera lov eller ikkje.

3.3 Bokmål «inn bakdøri»

Eit godt døme på korleis bokmålsformer vinn plass i nynorsk, er formi *glipp*. I gjeldande rettskriving er denne formi godkjend i ordlaget «gå glipp av». Bm. *glipp* er so klårt ikkje noko anna enn nn. *glepp*, men nett dette ordlaget var ikkje nytta tradisjonelt på nynorsk, og mindreverds skjensla for eige mål gjorde at ein ikkje torde setja inn nynorskformi i «gå glepp av», endå parallellen med tradisjonelle ordlag som «det glepp (for meg)» eller «det gjekk til glepps (for meg)» er openberr.

I framlegget frå rettskrivingsnemndi skal *glepp* ålment i tydingi ‘mistak’ vera jamstelt med *glipp* (s. 87). Det er radt ei fylgja av det populære serviceordlaget «dette var ein glipp». I denne samanhengen er *glepp* nytta tradisjonelt òg, men kan henda folk tykkjer det læt som ein mindre glepp om ein nyttar bokmålsformi *glipp*. Når formi fyrst er «lov», innkomi om bakdøri som «idiomatisk uttrykk», er det ikkje grensor for kor langt ho kan nå.

3.4 Nynorsk med bokmålsuttala

Innstillingi til ny rettskriving tek føre seg skrivemåten, men fører implisitt med seg nokre føringar på korleis ein kan uttala nynorsk. Som det heiter i innstillingi:

«I fleire av høyringsframlegga blir det argumentert for y som ein samle-vokal for uttalen /y/ og /ø/. Nemnda er klar over at Aasen brukte y på den måten, men ser det ikkje som mogleg eller ønskjeleg å innføra det no[.]» (s. 58)

Kvifor dette ikkje er mogeleg eller kven som ikkje ynskjer dette, gjeng ikkje rettskrivingsnemndi nøgnare inn på.

Systemet rettskrivingsnemndi viser til, var ein sentral del av kodifiseringi til Aasen. I norsk ljodlæra er mange «vokalar» i røyndi to vokalar – ein trong og ein open. Soleis har me open *y* som nærmar seg «ø», open *ò* som nærmar seg «å», open *ì* som nærmar seg «e», open *è* som nærmar seg «æ» og open *ù* som nærmar seg «o». Desse serskilde opne vokalane finst i dag i mange målføre vestpå (millom anna i talemålet til nemndeleiaren Grete Riise), men er òg til stadar i det underliggjande systemet i målføre austpå ved at same ordroti vekslar millom opi og trong uttala. Fyrst og fremst er likevel bruket av desse vokalane systematisk (for språket som system)³ og samlande (i høve til dei ulike målføri).

Rettskrivingsnemndi gjeng tolleg langt i å vilja byggja ned dette systemet i nynorsk. Det viser seg gjennom ei rad framlegg til heilt nye skrivemåtar som bryt med dette systemet og som vantar onnor grunngeving enn at rettskrivingsnemndi openbert vil tvinga igjennom éi serskild uttala: **fet* for *fit*, **komle* og **kompe* for *kumle* og *kumpe*, og **tenar* eller **tennar* for *tinar*. I same gata kjem ei rad jamstelte former eller klammeformer som ryk ut, soleis at me sit at med *venstre* for *vinstre*, *bre(da)* for *bræ(da)*, *sær* for *ser*, *okse* for *ukse*, *somme* for *sume*, *gørr* for *gør*, *flåte* for *flote* og mange, mange fleire.

I konsonantverket mèd finn me mange døme på at den gamle systematiske samleformi vert utskift med eit bokmålsmonster som føreskriv ei ny uttala. Soleis set den nye bøyingi *har skada* føre uttala *d* – [²ska:da], som på bokmål – mot vanleg stum *d* på nynorsk. Leseuttala av *d* vert òg knesett i *fyldig* for *fyllug* og *tilfeldig* for *tilfelleleg*. Formi *møll* for *mòl* inneber at uttala med «tjukk l» – [mø:r] – vert uråd. Skrivemåten <rd> for same ljodet vert ofra i *styrd*, slik at me lyt halda oss med to skrivemåtar, *stør* og *støl*. Høvet til å uttala stutt vokal føre ein einfelt skriven konsonant vert implisitt avskrive når *røma*⁴ osb. lyt vika for *rømna* osb.

3.5 Konklusjon: tilnærming i ny ham

Me ser at det nemndi gjer, er å gjeva oss meir samnorsk i ny ham. Dei kastar ut tradisjonelt måltilfang og hentar inn bokmål i stor skala. Tradisjonelle system vert omlaga etter mønster av bokmål. Alle bokmålslån og bokmålskalkeringar utanom eit sers lite kjernetilfang vert fagna og etter kvart gjevne fyrsteprioritet.

Styret i Språkrådet seier til dette:

«Med denne reforma blir nynorsk normert på eigen grunn, utan omsyn til bokmål.»

Det er ein merkeleg definisjon av «eigen grunn». I staden for ein samnorsk der målsetningi er full samansmelting millom to språk, fær me no ein einssidug samnorsk der målsetningi er at nynorsk skal stå i eit automatisk éin-til-éin-tilhøve til bokmål. Alle formene treng ikkje naudsynleg vera heilt like, berre dei måtar seg inn i same systemet. Det er i røyndi å gjera nynorsk om til eit avbrigde av bokmål. Det er «grunnen» dette framlegget stend på.

³ Jf. at *o* og *u* i bokmål mèd ofte lyt uttalast «å» og «o»: *sove*, *ung*.

⁴ *Røma* har attpåtil lang vokal frå gammalt (norr. *ræma*), soleis at lang vokal her er meir utbreidd i målføri enn i *koma*.

Metode – frekvens som fasit?

4.1 «Tekstkorpuset»

4.1.1 «Tekstkorpuset» i nemndearbeidet

Sentralt i arbeidet til rettskrivingsnemndi har «det nynorske tekstkorpuset», tekstkorpuset til Norsk Ordbok 2014 som er under oppbygging, stade. Allereie i føreordet til innstillingi frå rettskrivingsnemndi heiter det:

«Vi har også vurdert nøye korleis bruksnynorsken ser ut i dag, og korleis han har sett ut over tid, mellom anna slik han kjem til uttrykk i det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo.» (s. 3)

Når nemndi sidan reknar opp dei operative prinsippi dei har nytta for normeringsarbeidet, tek prinsipp 2 stort sétt for seg tekstkorpuset:

«2 Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).

Med skriftspråkleg tradisjon og praksis tenkjer nemnda fyrst og fremst på tekstar av skriftspråkprodusentar som skjønnlitterære forfattarar, sakprosaforfattarar, artikkelskribentar og journalistar. Dei fleste av desse tekstane er altså tekstar som ikkje må følgja dagens læreboknormal.

Det vil seia at nemnda særleg har sett på tekstar som er trykte i blad- eller bokform gjennom dei siste sytti åra, med størst vekt på tekstar som er skrivne etter at 1959-normalen kom. Det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo inneheld slike tekstar frå 1800-talet og til i dag, med overvekt frå nyare tid (sjå 1.7.2). Tekstkorpuset har vorte utvida med ein god del meir avismateriale og ein del offentleg sakprosa som stortingsmeldingar, NOU-ar og tekstar frå fylkesmannsembete i nynorskfylke og kommunale nettsider for at nemnda skulle bruka dette i arbeidet sitt. Desse tekstane er med på å gi eit bilete av «den slitesterke bruksnynorsken».

Nemnda har brukt det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo og andre skriftlege kjelder som hjelpemiddel for å danna seg eit mest mogleg heilskapleg inntrykk av skriftspråktradisjonen. Nemnda er sjølv sagt merksam på at alle publiserte tekstar er skrivne under eit visst normpress, men ei så stor tekstsamling gir eit godt bilete av den nynorsken som folk flest møter i det daglege. Det er svært mange normaktørar for nynorsk,

og det gjer bruken av slike tekstsamlingar mindre problematisk enn om tekstkorpuset var prega av nokre få, sentrale normaktørar.

Korpuset inneheld tekstar av svært mange skribentar. Ein forsvinnande liten del av tekstane i materialet har pålegg om å følgja læreboknormalen. Ein del av arbeidet til nemnda kan seiast å ha basert seg på usus, ved at me har lagt stor vekt på hovuddrag i nynorsken slik desse kjem til uttrykk i tilgjengeleg tekst.» (s. 39–40)

Vidare er tekstkorpuset opprekna som ei hovudkjelda for rettskrivingsnemndi, som dei har lagt ned mykje arbeid i:

«Når det gjeld «Skriftspråkleg tradisjon og praksis», har me i stor grad brukt det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo. Nemnda har brukt ressursar på å utvida korpuset, som har auka frå ca. 40 millionar til nesten 86 millionar ord.

[...]

Nynorskorpuset er såleis den beste kjelda me har til å undersøkje kva former som blir brukte av folk som skriv mykje. Det store volumet med tilgjengeleg tekst gir oss god dokumentasjon på den faktiske nynorske tekstproduksjonen når det gjeld publiserte tekstar.» (s. 43–44)

Dette korpuset har rettskrivingsnemndi soleis nytta til å argumentera for og imot valfrie former på grunnlag av frekvensen i søkjetilslagi frå databasen til korpuset.⁵

4.1.2 «Tekstkorpuset» som arbeidsverkty

Det er framleis store vanskar knytte til søk i denne databasen. Den grammatiske avmerkjingi er gjord automatisk for mest alt tilfanget, og er difor rang og ubrukande. Det er òg lagt inn store mengder bokmålstekster i databasen; t.d. er det for søk i kjeldor frå året 2009 heile 112 tilslag for *senest* og berre 87 for *seinast*, like eins 410 for *skudd* og 210 for *skot*. Tilfanget frå 2009 er heile 16,56 prosent av korpuset,⁶ og det ser ut til at bokmål er ein rimeleg stor lut av dette.

Rettskrivingsnemndi nemner ikkje so mykje om det metodiske grunnlaget for arbeidet sitt med korpuset. Det er difor uråd å vita om tali me fær presenterte i framlegget frå rettskrivingsnemndi, har teke full høgd for alle skortane ved tilfanget i og tilgangen til databasen.

Her skal me presentera nokre tal som illustrerer dette.

4.1.3 Motstridande tal

På s. 207 i innstillingi skriv rettskrivingsnemndi at a-bøying av verbi har breitt om seg dei siste tjuge åri, og viser til desse tali frå tekstkorpuset:

⁵ Søk i databasen er tilgjengeleg på <http://no2014.uio.no/korpuset/>

⁶ Oversyn over fordelingi av tekst etter år ligg ute på <http://no2014.uio.no/korpuset/distribution.html>

Presens	Treff	Preteritum	Treff	Treff til saman
<i>brøyter</i>	43	<i>brøyte</i>	16	59
<i>*brøyтар</i>	13	<i>*brøyta</i>	80–90	90–100

Søkjer me derimot sjølve i tekstkorpuset (f.o.m. 1991) med søk av typen

[word=brøyter"& ref =".*(199[1-9]|20[0-1][0-9]).*"& ref !=".*Firda.*"],⁷

fær me desse tali:⁸

Presens	Treff	Preteritum	Treff	Supinum	Treff	Treff til saman
<i>brøyter</i>	36	<i>brøyte</i>	21	<i>brøytt</i>	64	121
<i>*brøyтар</i>	9	<i>*brøyta</i>	39	<i>*brøyta</i>	29	77

Avviki er, som me ser, store. Eit kontrollsøk på *brøyter* f.o.m. 1990 og med Firda gjev berre tri tilslag attåt – to på bokmål. Etter det me kan sjå, er det ikkje gjort endringar i tilfanget i databasen imedan. Me fær 13 tilslag på **brøyтар* dersom me søkjer på alle åri og alle kjeldone, men *brøyтар* hjå Uppdal i 1947 er venteleg fleirtal av *brøyt* m. Og det er 65 tilslag på *brøyter* med same søkjeomfanget. Det systematiske avviket har difor andre, dulde årsaker. Det er derimot to store metodiske avvik som skil seg tydeleg ut:

- ▶ Oppteljingi nemndi har gjort av preteritum **brøyta*, lyt openbert ha femnt supinums- og infinitivsformer i stor mon, og er soleis meir enn tviaska.
- ▶ Det er ikkje søkt på supinumsformene, endå dei er ulike og dimed kunne gjeva stor attåtkunnskap.

Fylgja av desse avviki er at heile resultatet er snutt på hovudet. Analysen er òg veilen. Den markerte mengdi av a-bøying berre i preteritum syner klårt at verbet *brøyta* ikkje har gjenge systematisk over til a-bøying, men at valet av a-bøying nettopp i preteritum er eit utslag av bokmålsinterferens (bokmål *-et* svarar til *-a* i «vulgærbokmål»⁹ og nynorsk) i tevling med ei markert nynorskform. Det mest interessante ved desse tali er dimed at kring 45 prosent¹⁰ av tekstane i tilslagi viser tydeleg teikn på usikkert formval grunna bokmålsinterferens.

For tidbolken 1950–89 er tilfanget mykje mindre, men tali viser *brøyter* 8, **brøyтар* 1. Det eine treffet på **brøyтар* er frå Fløgstad i 1974, men i 1977 skriv Fløgstad *brøyter*, og det illustrerer nettopp det usikre grunnlaget for denne formi.

For dei andre ordi i tabellen på s. 207 er tilslagi etter 1990 for *svekkjer* 205, for **svekkar* 49, og vitnar om liknande tilhøve over heile fjøli.

På s. 181 i innstillingi skriv nemndi: «Det er godt og vel 200 treff på *fari*, men her er berre eit par treff frå etter 1970.» Søkjer me sjølve, fær me 11 treff. Talet seier ikkje so

⁷ Avisa *Firda* gjev so mykje bokmålstilfang i tilslagi at det er ein stor metodisk lette å fjerna denne kjelda heilt frå søket. Det er då gjort i *alle* søki for skuld samanlikningshøvet.

⁸ Éin dublett utteken or tilslagi på kvardeira preteritumsformi *brøyte* og *brøyta*.

⁹ «Vulgærbokmål», d.e. «folkeleg bokmål» eller «vanleg tala bokmål».

¹⁰ Skilnaden millom presensfrekvensane og preteritumsfrekvensane.

mykje utan samanlikning. Med di *fare* kan vera både infinitiv og substantiv mèt, er det meir høveleg å søkja på ordet i tydeleg partisipp-samanheng:

```
[word="ha(r|dde)?" ] [word=far(i|e)"& ref = ".*(19[7-9][0-9]|20[0-1][0-9]).*"
& ref != ".*Firda.*"]
```

Då vert det 8 treff på *fari* og 191 treff på *fare*, d.e. ein 4 prosent på i-formi. Det er lite, men nemndi grunngeve borttakingi med:

«Supinumsforma -i bør takast ut or skriftmålet sidan ho er såpass sjeldsynt i skrift. Det ser i liten grad ut til at brukarane som har forma i talemålet, nyttar seg av tilbodet om å føra forma over i skrift.»

Før har nemndi gjort greie for at ein finn formi -i mest utanfor området med nynorsk skulemål. Overlapp finn me stort sétt berre i Setesdal og Vest-Telemark. Folkemengdi i desse områdi i høve til folkemengdi i «Nynorskland» totalt er ikkje so langt unna dei 4 prosentane me fann for *fari*.¹¹ Dimed ser det heller ut til at tali fortel oss at i-formi i høg grad vert nytta av dei som har henne i talemålet, tvert imot det nemndi sluttar.

Om *honom* skriv nemndi:

«Men bortsett frå nokre treff i *Dag og Tid* frå 2000-talet er det svært få døme på *honom* i tekstar etter 1971.» (s. 162)

Søkjer me sjølve, fær me 237 tilslag på *honom* etter 1990, og *Dag og Tid* stend for 135 av desse. Det er ikkje beint opplagt kvifor dette er «svært få» døme.

I 1971, som nemndi nemner, syter ei bok av Vesaas for 117 tilslag på *honom*. Dèt skulle heller få oss til å tenkja etter kor representativt tekstkorpuset i grunnen kan vera.

På s. 106 i innstillingi nyttar nemndi «stikkprøvefunksjonen» i tekstkorpuset og fær 925 treff på *boka* og 1 treff på *boki*. Den funksjonen er heilt meiningslaus om ein vil gjera kvantitative søk. Søkjer me sjølve på *boki* f.o.m. 1940, fær me 304 tilslag.

Det er òg talande når rettskrivingsnemndi *ikkje* nyttar tekstkorpuset. I dryftingi av skriftspråkleg tradisjon og praksis til formene *onnor* og *nokor* (innstillingi s. 168) nemner ikkje nemndi tekstkorpuset, men viser til avgrensa undersøkingar der desse formene ikkje var nytta i 1970-åri. Søkjer me sjølve i tekstkorpuset f.o.m. 1970, fær me 60 tilslag på *onnor* og 46 på *nokor*. For 2001 har me 5 *nokor* mot 132 *noka*, og for 2004 er tali 5 og 126. Til å vera utestengde frå læreboknormal og forlag er desse formene soleis langt ifrå so usynlege som nemndi gjev tokken av.

Eit anna døme på vantande bruk av tekstkorpuset er den lange lista med «andre enkeltord» på s. 84–93 i innstillingi. Om den seier nemndi:

¹¹ Nynorsk kommunane i Vest-Telemark og Setesdal har ein 18 000 ibuarar, tilsvarende kring tri prosent av talet på 600 000 som vanleg vert gjeve for nynorskbrukarar. Dimed er det rom åt mange nynorsk skrivande frå austnorske bokmålskommunar mèt i dei fire prosentane.

«Ord med to variantar som begge er mykje i bruk, skal framleis ha to valfrie former. [...] Variantar som viser seg å vera lite i bruk, går ut or rettskrivinga. [...] Nynorskkorpuset er brukt til å undersøkje utbreiinga av former når nemnda har vore i tvil om i kva grad dei er i bruk i skrift.» (s. 84 og 93)

Det syner seg likevel at nemndi har nytta korpuset i mindre mon enn dei gjev token av. Formene *ongul* og *ongel* vil nemndi byta ut med *ongel* og **angel*, men søkjer me sjølv i tekstkorpuset, fær me 6 tilslag med *ongul* og berre 2 med *ongel* og 4 med **angel*. I alt var det 14 tilslag med *o* i rotvokalen – i fleirtal vert dei to formene like: *onglar*. Verbet *ongla* eller nyformi **angla* finst ikkje i korpuset i det heile. Ut frå tali kunne ein difor argumentera for at *ongul* tydeleg var den dominerande formi.¹² Men nemndi har gjort seg opp ei meining heilt på eigi hand.

Det synest difor noko vilkårleg når rettskrivingsnemndi vel å nytta tekstkorpuset og når dei vel å nytta andre kjeldor; og når dei nyttar tekstkorpuset, er det like eins vilkårleg kva for tidbolk dei fører som sanningsvitne; og kva tal og frekvensar som skal vera avgjerande, vert aldri dryft. Slikt vilkårleg val av metode inneber at alle konklusjonane og dimed heile innstillingi fær eit sterkt preg av innfall og godtykke.

4.2 Nye former

Rettskrivingsnemndi tek i innstillingi inn 136 heilt nye former. Likevel kan me lesa ting som:

«Det har kome innspel om å ta inn forma *opa*, som har eit visst grunnlag på Vestlandet, men nemnda har ikkje gått inn for det, sidan forma aldri har vore inne i rettskrivinga før.» (s. 147)

Det er merkeleg korleis nemndi kan argumentere på den måten. Formi *opa* har eit trygt systematisk grunnlag i målføri og gjev 66 tilslag i tekstkorpuset f.o.m. 2000. Formi **appetitteleg* tek nemndi inn med tilvising til eitt – 1 – tilslag i tekstkorpuset, endå so mykje det minner om ein rein skrivefeil.

Tankegangen til nemndi ligg godt gøymd.

4.3 Normpress

Rettskrivingsnemndi tel til å jamstella fleirtalsendingane *-er* og *-ar* i *i*-stomnane¹³. Tekstkorpuset gjev fåe treff for bruket av *-ar* her, difor skriv nemndi:

«Nynorskkorpuset har truleg mest modne skribentar som har lært seg det tradisjonelle mønsteret. Søka seier såleis noko om korleis dei trygge språkbrukarane skriv, mens me manglar dokumentasjon på korleis mindre røynde språkbrukarar skriv, særleg når dei skriv under mindre normpress.» (s. 102)

¹² Slike småe tal er ubrukande i seriøs statistisk argumentasjon, må vita.

¹³ Når nemndi talar om *i*-stomnar, femner det òg *ja*-stomnar (typen *bekk*) og *u*-stomnar (typen *son*).

Med ein knips føyser soleis nemndi unna tekstkorpuset som metodisk berebjelke og manar fram eit bilete av det «vanlege folk i grunnen vil skriva» utan *normpress*.

Skal me fyrst tala om *normpress*, lyt me gjera det i samband med *i*-formene i hokjønnsord. Forfattaren Johannes Heggland, som er millom dei nordmennene som er mest lesne i utlandet, nemner i eit intervju i *Fram daa, Frendar* i 1981 at han, som andre, vart utsett for sterk måltvang frå forlaget om å skriva etter læreboknormalen, og at det var difor han gjekk over frå *i*-former til *a*-former i 50-åri, som nemndi nemner i innstillingi på s. 106.

Kvifor nemndi teoretiserer om *normpress* på «mindre røynde» språkbrukarar, men teier om velkjent *normpress* som femner so langt som til kjende skrivarar, er uskjøneleg.

4.4 Dialektkunnskap

På s. 109 i innstillingi greier rettskrivingsnemndi ut om talemålsgrunnlaget for fleirtalsformene *-or* og *-one*:

«Dialektgrunnlaget for *-or* og *-one* (*gator, gatone*) er ikkje heilt det same som for *-i* i bunde eintal av sterke hokjønnsord (jf. *solli*). Ei eiga svak fleirtalsbøying av hokjønnsord finst i fjellbygdene på Austlandet, i delar av Trøndelag og Helgeland, på Nordmøre, i Romsdal og i delar av Voss og Hardanger. Uttalen varierer mellom /visu(r)/, /viso/ og /viså(r)/.»

Og vidare:

«Formene *-or* og *-one* har svakare talemålsgrunnlag enn *i*-målet, som det òg er framlegg om å ta ut av rettskrivinga. Kombinasjonen av svakt talemålsgrunnlag og marginal bruk i skrift gjer at det såleis er liten grunn til å halda på endingane *-or* og *-one* i svake hokjønnsord i fleirtal.» (s. 110)

Men denne utgreiingi er langt ifrå fullnøgjande. Faktum er at desse endingane finst over heile Austlandet, so nær som nokre randområde i sør. Jamvektsordi i austnorsk held på fullvokal, og linne hokjønnsord har soleis endingane *-or* eller *-ur*, mange stader i vokalharmonisk distribusjon, soleis *bosor* og *furur*.

Talemålsgrunnlaget for endingane *-or* og *-one* er soleis mykje betre enn det nemndi har fenge med seg.

4.5 Ymist om bøyingsverket

Her skal me berre stutt taka opp noko om bøyingsverket. Mykje er dryft av oss tidlegare eller av andre i notat til departementet (t.d. i brev frå Voss mållag, og Arvid Langeland og Kristin Fridtun).

Me skulle gjerne ha sétt ei ugreiing av leksem- og formfrekvens av verb, jamført med endra tal på valfrie bøyingsformer i rettskrivingsframlegget. Det ser ut til at nemndi skjer ned på talet på former i ufrekvente verb, men aukar talet på former i frekvente verb. Til dømes kan nedskjeringi av bøyingsformer av *treda* v. 'trøda, stiga fram' verka imponerande i målet om ei stramare norm: *tre(da) : trer/tred [treder] : tro(d)*

: *trede* el. *tredi*; el. *tre(de)r* : *trede* : *tredd* el. *tredt* → *tre* : *trer* : *trede* : *tredd* el. *trett*. Men *tre(da)* kan ikkje seiast å vera serleg frekvent; oftast i samanhengen ‘*tre(da)* i kraft’, dessutan er ordet berre nytta saman med preposisjon eller adverb (t.d. *tre av*, *tre fram*, *tre i bakgrunnen*).¹⁴ Ein kan godt seia at ordet einast ligg føre i faste ordlag, ikkje utan ein viss bokmålsdåm. Preteritumsformi *trede* gjev 190 tilslag i nynorskkorpuset, bortimot alle i samanhengen «*trede i kraft*».¹⁵

Men ei slik «innstraming» hjelper lite når høgfrequente former vert verande og sleppte ut av klammeformstenget, t.d.: *la(ta)* : *lèt* [*leter*] el. [*lar*] : *lét* : *late* el. *lati* [*latt*] v. (hjelpesverb) → *la(ta)* : *lèt* : *lét*, *late*; el. *la* : *lar* : *lét* : *latt*; eller når *ynskja* v. no skal skrivast på 8 ulike måtar, og *fylgja* v. på 6 ulike måtar.

4.5.1 Fleirtal av hannkjønn på -a og -nad

Valfridomen i fleirtal av hannkjønn på -a (t.d. *villa*) og -nad (t.d. *bunad*) skal halda fram i rettskrivingsframlegget – d.e. -*aer* [-*aar*] og -*nader* [-*nadar*] → -*aer* el. -*aar* og -*nader* el. -*nadar* – t.d. *villaer* el. *villaar* og *bunader* el. *bunadar*.¹⁶ Serlege grunnar til å halda på fleirtalsformene -*aar* og -*nadar* gjev ikkje nemndi, men me kan likevel merka oss det nemndi skriv:

«Grunnen til at hankjønnsord som *villa* og *buddha* har hatt fleirtal -er og -ene heile tida sidan 1920, kan vera at mange synest det er rart med to a-ar etter kvarandre (*buddaar*, *buddaane*). Skrivemåten aa var dessutan problematisk i den tida då å framleis ikkje var heilt innarbeidd for aa.» (Rettskrivingsframlegget s. 101)

Dette er eit ad hoc-argument av nemndi, utan røyndleg grunnlag. Grunnen til skrivemåten -*aer* i fleirtal er at han viser samandregi uttala til -*ar* (for dei som har r-ending i talemålet eller skal tala normert) – t.d. *sofaer* /su(:)far/ : *sofaene* /su(:)fane/, *villaer* /vilar/ : *villaene* /vilane/. Sameleis seier ein *bunad* /bũ:na:/ : *bunader* /bũ:nar/. Det kan godt vera at uttala /vilaa/ (for *villaer*) er vanleg i målføre utan r-ending i fleirtal, men då er grunnen fråvera av -r som fleirtalsmarkør. Liknande utjamningar finn me i bundi form i jamvektsmålføre – t.d. (ei) *vikū* : (den) *vikua*.¹⁷

Framhaldet av dei sjeldsynte fleirtalsformene -*aar* og -*nadar* tykkjest di meir føremålslaust når me legg frekvensteljingane hjå nemndi til grunn (ibid.):

	Treff		Treff
bunader, bunadene:	155	bunadar, bunadane:	5
månader, månadene:	925	månadar, månadane:	44
villaer, villaene:	44	villaar, villaane:	1

¹⁴ Eit søk på preteritumsformene *trød*, *trede* og *trådde* i nynorskkorpuset viser dessutan at *trød* har andre preposisjonar etter seg (*bort* el. *burt*, *opp* el. *upp*, *ut*). Her burde nemndi ha sétt etter om *tre(da)* og *trå(da)* har eit anna bruk når dei er bøygd sterkt. Strengen “*trede i kraft*” har elles 151 tilslag (flest alle er stortingsmeldingar), medan “*trådde i kraft*” har 134 tilslag (flest alle er stortingsproposisjonar).

¹⁵ Mange av dei 190 tilslagi er misskrivingar av *trædde* til *træ(da)* – t.d. «Departementet *trede* samnorsk ned over hovudet på folk» (*Dag og Tid* 2002).

¹⁶ Sideformene [-*aar*] og [-*nadar*] kom inn i rettskrivingi i 1995.

¹⁷ I staden for tidleg austleg nn. *vikū* : *vikū* (med nasal endingsmarkør).

4.5.2 Preteritumsendingane *-te* eller *-de* til linne verb i *døma*-klassa (e-verb)

Aasen hadde med sers få unnatak pret. *-te* etter *k, p, r, s, t*; *-de* etter andre konsonantar (*-dde* etter vokalar); *-t* i supinum. Det er *-te* etter klangause konsonantar og *-de* etter klangføre.¹⁸ Kva reglar nemndi legg til grunn (jf. rettskrivingsframlegget s. 197), er ikkje lett å skjøna, anna enn ei viss frekvensteljing. Mot tradisjonen gjer nemndi *-te* til eineform etter *l* og *r* (sjølv sagt ikkje utan unnatak eller komplekse reglar, jf. *ibid.* pkt. 3 og 4), og valfritt *-te* eller *-de* etter *n*.

Konsekvensen av pret. *-te* som eineform i so mange verb er at me fær eit samanbrot i samsvarbøyingi. T.d. inneber endringi *førde* → *førte* at samsvarbøying vert uråd. Det kan ikkje lenger heita ‘han/ho er førd’: ‘det er ført’, men det lyt heita ‘han/ho/det er ført’ – jf. at det lyt heita ‘han/ho er lånt/meint (ikkje **lånd* eller **meind*)’, av di pret. heiter *lånte* og *meinte*. Det ser ikkje ut til at nemndi har tenkt på konsekvensane av dette, for etter dette vert samsvarbøyingi av linne verb ein vits.

4.5.3 Genus i substantiv på *-skap*

I ei rad ord på endingi *-skap* skal no få valfritt hannkjønn eller inkjekjønn – t.d. *farke-skap, endskap, førarskap, djevleskap*, men einast hannkjønn i t.d. *djervskap, gal(en)skap, heilskap, skyldskap*. Komplekset av reglar som nemndi fører opp for dette i rettskrivingsframlegget (s. 139), er ikkje lett å skjøna, anna enn at dei ikkje har rot i noko talemål (eller skriftmål). Kan henda har visse frekvensteljingar og førespurnader i ymse e-postar til nemndi verka inspirerande. Men dette, til liks med blanda a- og e-bøygning av sume verb, er ikkje anna enn ein freistnad på å laga eit system av ein systemlaus bokmålsinterferens. Slik unnataksnormering og komplekse reglar skapar berre meir ustøe i rettskrivingi. Ein treng ikkje kunnskap om gamalnorsk for å vita at ord på endingi *-skap* med sers få unnatak skal vera hannkjønn.

4.6 Konklusjon: metodisk fallitt

Det er mange lyte ved ein kvantitativ framgangsmåte som rettskrivingsnemndi har lagt slik vekt på, serleg dersom ein som nemndi ikkje opererer med definerte kriterium, men legg listi der det høver i augneblinken. Statistikk er korkje spørsmål eller svar, men ein reidskap som lyt nyttast med fagleg skjøn. Nemndi motiverer ikkje kvifor det utvalde tekstkorpuset eller andre avgrensa undersøkingar skal ha den avgjerande vekti dei vert gjevne, og framgangsmåten held difor ikkje mål fagleg sétt. I dette tilfellet vil me dessutan seia at spørsmålet er gale, for det er nett det utstøe bruket i dag som har reist ynsket om ei stramare norm.

Bruket er problemet, og det kan då ikkje løysast ved å analysera gjengs bruk og normfesta dét – det reindyrkar problemet og gjev ingi løysing.

Når nemndi supplerer dette statistiske feilskjeret med tvilsam ordteljing, vantande dialektkunnskap og tendensiøs tilvising til omgrep som normpress når statistikken ikkje strekk til som argumentasjon, samstundes som ho stundom fører inn ei rad nye

¹⁸ Med restar av eit system med *-te* etter gamal klanglaus *n* og *l*.

former ut frå lause lufti, men stundom avviser systematiske måldrag av di dei ikkje finst i normi i dag, er kaoset komplett og farsen eit faktum.

Løysingi på problemet med det ustøe bruket må vera å skipa eit fastare *system* som ein kan kjenna att – då lyt ein gjera systematiske val, ikkje statistiske eller ideologiske.

Valfridom og ei stram norm

Då Språkrådet sette i gang arbeidet med framlegget til ny rettskriving for nynorsk, stod det sentralt i mandatet dei gav rettskrivingsnemndi, at den nye rettskrivingi skulle vera *tydeleg, enkel og stram*. Få var i tvil om at dette var mynta på det som vert oppfatta som den store vanden med nynorsk rettskriving: virvaret av former utan system. Som det heiter i innstillingi frå rettskrivingsnemndi:

«I slutten av 90-åra tok stadig fleire til orde for at den store valfridommen i nynorsken skaper forvirring blant dei som skal læra nynorsk, og at den offisielle norma burde strammast inn.» (s. 32)

No når framlegget frå rettskrivingsnemndi ligg føre og har fenge formell tilslutning frå Språkrådet, er det derimot vanskeleg å sjå at dette har vore nokor hovudsak i arbeidet.

Dette kapitlet tek føre seg kva for typar valfridom som finst, korleis han veld vanskar for folk, og kva rettskrivingsnemndi har gjort med desse ulike typane av valfridom.

5.1 Tri hovudtypar av valfridom

Valfridomen i skrivemåten av ord er ikkje av eitt slag, men skifter seg i tri hovudbolkar alt etter kva valfridomen gjeld: typologisk valfridom, valfri bøyning eller valfri skrivemåte. Her skal me draga fram to ord til å syna korleis dette ter seg: (å) *leia* og (ei) *bylgja*.

5.1.1 Typologisk valfridom

Typologisk valfridom kallar me det når det er valfridom i endingi som høyrer til ein grammatisk kategori.¹⁹ Denne valfridomen gjeld endingi, ikkje det einskilde ordet. Døme på typologisk valfridom er infinitivsendingi:

► *leia* ~ *leie*

Eller endingane i lint hokjønn:

► (ei) *bylgja* ~ *bylgje*

► (fleire) *bylgjor* ~ *bylgjer*

Dette gjeld *alle* infinitivar og *alle* linne hokjønnord, eller generelt: det einskilde bøyingsmorfemet til fulls.

¹⁹ Teoretisk sétt kan eit mål ha typologisk valfridom i stavingi av ordrøtene, men det har aldri vore tilfelle i nynorsk. I praksis løyser ein dette betre ved at dei minimale pari vert skrivne likt, men realiserte ulikt fonetisk.

5.1.2 Valfri bøyning

Valfri bøyning kallar me det når ein kan bøya eitt og same ordet på meir enn éin måte. Døme på valfri bøyning er fortidsformene til å *leia*, der rettskrivingsnemndi gjer framlegg om ei ny bøyingsform (merkt *) attåt den gjeldande:

- *leidde* ~ **leia* ► (har) *leitt* ~ *leidd* ~ **leia*

Denne valfridomen gjeld i utgangspunktet berre det einskilde ordet. Ein lyt avgjera i kvart einskilt tilfelle om same regelen gjeld for andre ord.

5.1.3 Valfri skrivemåte

Valfri skrivemåte kallar me det når ein kan skriva sjølve ordroti på meir enn éin måte. Døme på valfri skrivemåte er:

- *bylgje* ~ *bølgje* ~ **bølge*²⁰ ~ **bylge*

Formi **bylge* er korkje gjeldande norm eller føreslegi form, og difor merkt som rang (*). Ho er derimot ei fylgja av valfridomen i *y/ø* og *-j-*, og dimed ei *venta* form i bruk.

Fleire døme:

- (å) *leia* ~ °*leida*

Formi °*leida* er ei tidlegare gjeldande form (merkt °) som òg syner att i ord som *leidning*, *leidang* og *leidarstjerna*. Det er difor ei form ein møter og kan slutta seg fram til.

Denne valfridomen gjeld i utgangspunktet berre det einskilde ordet. Ein lyt avgjera i kvart einskilt tilfelle om same regelen gjeld for andre ord.

5.2 Vanskeleg valfridom?

Når ein skal vurdera om valfridom er ein praktisk vanske eller ein pedagogisk lette, lyt ein skilja millom dei ulike formene for valfridom. Rettskrivingsnemndi har ikkje gjenge serleg djupt inn i dette spørsmålet. I sakspapiret til møtet i nemndi 3.–4. mars 2011, etter høyringsmøtet, heiter det:

«Det er elles interessant å merka seg at Ivar Aasen-sambandet, Høg-norskningen ofl. argumenterer for typologisk valfridom (dvs. valfridom i bøyingsverket), fordi ”endingane skifter i skriftbilætet kor som er”. Derimot meiner dei at ”skrivemåten av ordroti bør vera éin, med di ordroti stend fast i skriftbilætet under bøygjingi”.

Universitetet i Bergen (UiB) argumenterer heilt motsett: ”Ei stram norm oppnår ein først og fremst ved å redusere mengda av gjennomgåande valfridom i det grammatiske systemet, særleg alternative suffiks i substantiv- og verbbøyning.” (...) ”Det er langt mindre innstramming å hente ved stryking av einskildformer av røter. Med omsyn til lydverket (del 2 av innstillinga) meiner vi difor at nemnda kunne ha gått litt mindre hardhendt fram.”» (s. 2)

²⁰ *-j-* er i grunnen ikkje ein del av roti, men av *stommen*. Med di dei gamle stommlekkene millom roti og endingi jamt er borte som eigne morfem, hamnar *-j-* i same bås som roti i dette tilfellet.

Motsetnaden dei nemner her, må vera ei misforståing, med di rettskrivingsnemndi ikkje ser ut til å ha fenge med seg skilnaden millom typologisk valfridom og valfri bøyning. Kva fråsegnskrivarane ved UiB meiner, er ikkje godt å vita, med di dei ikkje grunngjev utsegnene sine og ikkje nemner det prinsipielle skilet millom typologisk og ikkje-typologisk valfridom i bøyingsverket.

I vurderingi av preteritumsformene *-te* og *-de* i innstillingi nemner rettskrivingsnemndi dette:

«[D]et [er] viktig å læra nokre temmeleg eintydige reglar som kan brukast på store grupper av ord. Å stramma inn her er såleis mindre problematisk enn å stramma inn i skrivemåten av enkeltord.» (s. 199)

Ut frå samanhengen talar rettskrivingsnemndi her om valfri bøyning. Som vanleg kjem ikkje nemndi med nokor utgreiing om kva som er «problematiske», og fær openbert ikkje med seg at typologisk valfridom nettopp er «temmeleg eintydige reglar som kan brukast på store grupper av ord».

Dette er det næraste rettskrivingsnemndi har kome å lufta dette spørsmålet i ålmenta. Nokor dryfting ligg ikkje føre.

Fagrådet for normering og språkoobservasjon (fagråd 3) kom i si fråsegn om arbeidet til rettskrivingsnemndi inn på dette spørsmålet:

«Generelt er det lettare for språkbrukarane å handtera variasjon i skrivemåten av einskildord enn det er å handtera bøyingsvariantar av einskildord, altså det at same ord kan bøyast på fleire måtar[.]» (pkt. 3.1)

Fagråd 3 talar her tilsynelatande om valfri skrivemåte andsynes valfri bøyning. Men so held dei fram:

«Framlegga om dei største nedskjeringane i formrikdommen i gjeldande nynorsk rettskriving ligg innanfor bøyingsystemet. Det gjeld til dømes framlegga om å ta det såkalla *i*-målet ut or rettskrivinga (pkt. 3.1.3, 3.2.1, 3.4.5) og fleirtalsbøyning med *-or*, *-one* av svake hokjønnsord (pkt. 3.1.5).» (pkt. 3.1)

Dette er eksplisitt typologisk valfridom. Dimed er det tydeleg at ikkje fagråd 3 heller veit å skilja på valfri bøyning og typologisk valfridom.

Me slepp likevel å gissa kva som er rett:

Sekretæren for rettskrivingsnemndi, Aud Søyland, gjennomførde ei undersøkjing av feiltypar i nynorsk i 2002.²¹ Denne «punktgranskingi» systematiserer vanlege feil i nynorsk og viser til tidlegare undersøkjingar. Ikkje eit einaste døme gjeld typologisk valfridom, jf. oppsummeringi på s. 18 i undersøkjingi.

Heller ikkje undersøkjingane til Åse Wetås syner at typologisk valfridom er nokor feilkjelda å rekna med.²²

Me kan soleis trygt slå fast at typologisk valfridom på det nivået me har i gjeldande rettskriving, ikkje er vanskeleg.

²¹ Tilgjengeleg på http://www.sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskingar/

²² Einskilddøme som **fargar* i ein tekst med jamt *-er* i linne hokjønn vert for kuriosa å rekna (frå Wetås (2002): *Undersøking av formbruken i ulike typar upublisert materiale på nynorsk*, s. 2).

5.2.1 Praktisk og systematisk valfridom

Formvariasjonen i ordlista representerer ein *teoretisk* valfridom. Denne vert ein *praktisk* valfridom fyrst når han vert teken i bruk. Dette ser me tydeleg i korleis den teoretiske valfridomen i bokmål vert nytta, der eit avgrensa set av dei tillatne formene fungerer som *faktisk* norm. Soleis er *bruket* med på å avgjera om valfridomen vert ein vande eller ikkje.

Ei onnor vinkling på spørsmålet er kor lett valfridomen i seg sjølv er å læra seg. Typologisk valfridom gjeld bøyingsmorfemet til fulls og krev dimed minimal læring. Bøyingsmorfemet er i grunnen eit eige «ord», ikkje ein variasjon i ordet (roti) det stend attåt. I hin enden av læringskalaen finn me då grupper av nærskylde ord som har ulik bøyning eller fylgjer ulike prinsipp i skrivemåten.

Med desse to utgangspunkti kan me freista å laga ein grov modell av vanskegraden i valfridomen.

5.2.2 Ein modell av valfridom

Eit einfelt aspekt av bruket er *frekvensen*. Valfridom i tidgjengde ord er noko språkbrukaren lyt bruka jamt og difor læra seg; sjeldsynte ord kan ein trygt gløyma i dagleg bruk. Eit sertilfelle er når ordet er so vanleg at det gjerne kan nyttast i kvar einaste setning – me talar då om grammatiske ord som *og* eller bøyingsmorfem som *-en* (bunde hannkjønn) – då vert frekvensen so høg at læringi fær bate av det, trass i eventuell variasjon.

Lat oss setja at me har eit ordfang på M ord med N_i valfrie former for kvart ord i . Frekvensen til kvart ord er F_i . Då er den *teoretiske frekvensvekta valfridomen* i ordfanget

$$V_F = \sum_{i=1}^M F_i N_i$$

Det skil seg soleis frå ei rein oppteljing av dei valfrie formene utan omsyn til frekvens, $\sum_{i=1}^M N_i$.

Tek me omsyn til korleis dei valfrie formene faktisk vert nytta, skjønar me utan vidare at dersom éi form vert nytta 999 gonger og hi formi berre 1 gong, veld det monaleg mindre vildring enn om eine formi vert nytta 700 og hi 300. Samanhengen er likevel ikkje aritmetisk, snarare geometrisk²³. Har me to valfrie former j av ordet i med frekvensen $f_{i,j}$, vert den *praktiske bruksvekta valfridomen* i ordfanget på generell form

$$V_B = \sum_{i=1}^M F_i N_i \prod_{j=1}^{N_i} f_{i,j} \left(\frac{N_i}{F_i} \right)^{N_i}, \text{ der } F_i = \sum_{j=1}^{N_i} f_{i,j}$$

eller samandrege og med $N_i = 2$

$$V_B = \sum_{i=1}^M \left(\frac{8 \prod_{j=1}^2 f_{i,j}}{\sum_{j=1}^2 f_{i,j}} \right)$$

²³ Geometrisk gjennomsnitt nyttar multiplikasjon (mot addisjon for vanleg aritmetisk gjennomsnitt) og syner tendensen i tilfanget.

Generaliserer me frå to til vilkårleg mange valfrie former, lyt me leggja i hop alle moglege kombinasjonar av to valfrie former, og fær

$$V_B = \sum_{i=1}^M \sum_{k \neq j} \left(\frac{8f_{i,j}f_{i,k}}{f_{i,j} + f_{i,k}} \right)$$

Med denne vektingi tel frekvensen 100 prosent dersom dei ulike valfrie formene vert nytta like mykje, minskar geometrisk ved skeivare fordeling, og endar på null dersom berre éi form vert nytta i røyndi.

Denne modellen er som alle modellar ei einfalda utgåva av røyndi. Det er t.d. uråd å taka med omsyn til visse ordgrupper i ein slik modell, som det om (ei) *fylgja*, *bylgja* og *sylgja* vert handsama på same måten i skrivemåte og bøyning. Då lyt ein eventuelt gå inn manuelt og skipa til desse ordgruppone serskilt ved bruk av modellen.

Som ei grov oversyn over ein generell tendens i samanlikning av to ulike normset skulle denne modellen likevel vera tenleg.

5.3 Frekvens og valfridom

Som rettskrivingsnemndi sjølv skriv i innstillingi:

«Nemnda har vore raus med å tillata valfrie former av ord, og stramma inn meir når det gjeld bøyingsverket.» (s. 40)

I referatet frå møtet i nemndi 3.–4. mars 2011 heiter det:

«Somme har trudd at me skulle stramma inn frå læreboknormalen – det bør òg kommenterast.» (s. 2)

Det skulle i minsto tyda at rettskrivingsnemndi meiner ho har strama inn frå den vidare rettskrivingi med hovud- og klammeformer.

Spørsmålet er då kor mykje stramare framlegget til ny rettskriving i grunnen er.

5.3.1 Samanlikning – Del 1: oppteljing av valfrie former

Som nemnt på s. 6 er det 350 tilfelle av minska valfridom og 136 tilfelle av heilt nye former i innstillingi til ny rettskriving for nynorsk.

Det må seiast å vera noko merkeleg å føra inn so mange nye former når det er eit hovudpoeng å strama inn normi. Trass i dette kan altso rettskrivingsnemndi syna til at valfridomen totalt minskar med vel 200 valhøve.

Dette er likevel ei sanning med store modifikasjonar. Det er, som me har sétt, skilnad på valfridom, og det er sameleis stor skilnad på den valfridomen som kverv og den som kjem inn.

5.3.2 Samanlikning – Del 2: teoretisk frekvensvekta valfridom

Nyttar me modellen med den teoretiske frekvensvekta valfridom frå s. 21, vert biletet meir nyansert.

Me har undersøkt vel 300 av ordi som skifter valfridom, av dei i alt kring 500. Me har då sétt på alle dei vanlege og mange av dei uvanlege ordi. Me fekk det tidleg klårt for oss at det var uråd å gjera ei noggrann undersøkjing innan rimeleg tid, m.a. av di tekstdatabasen som før nemnt ikkje er rett merkt og av di han ikkje er skipa for slike vidsveimde søk. Det var ikkje støtt råd å samanstella formene som skulle inn og ut heller, med di ordi stundom hadde ulikt bruk, jf. bolken 9.1 sidan her. Med di det er dei høgfrekvente ordi som utan samanlikning veg tyngst, er utslagi likevel tydelege.

Ordi fekk ihoplagt 500 000 tilslag, men mange ord fekk ingi tilslag, og nokre fåe fekk sers mange tilslag: *berre* fekk kring 100 000 tilslag, og *gjera* (inf. og pres.) og *mykje* fekk kvar kring 50 000 tilslag. Desse tri ordi sytte soleis for 40 prosent av tilslagi åleine. Ser me derimot bort frå ubøyande grammatiske ord som *mykje*, *berre*, *tri* og *de* : *dykk*, vert tali annarleis. Då minkar dei samla tilslagi til nær helvti.

Me nemnde på s. 21 at ein høg frekvens av grammatiske ord gjorde dei etter måten lette å læra. Det er difor rett å taka dei ut or denne samanlikningi, når me nyttar frekvens som ein faktor i målet på kor vanskeleg normi er å læra. Det dei like fullt viser oss, er kor synlege slike ord er, og at nemndi gjorde rett i å tala om «signalord». Desse formene kunne vore med og gjort nynorsknormi meir tydeleg, men når signalordi vert oppvegne med nye bokmålsidentiske sideformer som *følger* og *svømme*, vert dei i røyndi berre «symbolord».

Den teoretiske frekvensvekta valfridomen for ordi som er råka av framlegget, vart i tråd med dette 1,90 valfrie former ordet no, og 1,52 etter framlegget. Men attom desse tali ligg det store skilnader i det røynelege bruket av ordi, som me skal sjå når me held fram frå den teoretiske valfridomen til den praktiske.

5.3.3 Samanlikning – Del 3: praktisk bruksvekta valfridom

Modellen med praktisk bruksvekta valfridom frå s. 22 er eit betre mål på den røynelege vanskegraden – problemet er at me ikkje kan vita kor mykje dei nye formene kjem til å verta nytta om dei vert tillatne. Me kan likevel vurdera utslagi denne modellen gjev, med det i bakhovudet, at former som er identiske med bokmål, venteleg vert monaleg meir nytta om dei vert tillatne.

Lat oss fyrst sjå på formene som skal ut, for der har me tali som gjeld. Når me vektar frekvensen etter røyneleg bruk, ter tali seg frå ei onnor sida. Dette vert no den «vanskelegaste» valfridomen i dei ordi som nemndi skjer ned på:

Valformer	Vekta valfridom
<i>kjæra</i> : <i>køyra</i>	12 810
<i>høra</i> : <i>høyra</i>	7 667
<i>romet</i> : <i>rommet</i>	7 361
<i>muleg</i> : <i>mog(e)leg</i> ²⁴	5 159
<i>annen</i> : <i>annan</i>	3 840
<i>sume</i> : <i>somme</i>	3 346
<i>vinstre</i> : <i>venstre</i>	2 798
<i>gjæra</i> : <i>gjera</i>	1 990

²⁴ Me gjeng ut frå at fuga -e- ikkje er so synleg, og dimed mindre vanskeleg enn annan valfridom, på lina

Til samanlikning endar *berre* : *bare* på 23 301, *tri* : *tre* på 13 112 og *mykje* : *mye* på 10 895.

Me går at formi *gjøra* er so lite nytta at ho dreg paret *gjøra* : *gjera* ned til sisteplass av dei åtte ordi i lista. Øvst tronar to ord med monoftongformer; gjennomføring av ei klår lina med diftongformer er soleis det beste tiltaket nemndi har gjort for ei greiare norm.

Det same kan me ikkje seia om løysingi nemndi har på *romet* : *rommet*. Her skil løysingi seg frå det tidgjengde ordet *kom(m)a* og mange fleire, slik at den systematiske vanden framleis ligg beint opp i dagen.

So kan me sjå på ordi der valfridomen aukar. Størst bruksvekta valfridom av desse ordi med gjeldande valfridom har *ynskja* (inf. og pres.) med 36 758 og *fylgja* (inf. og pres.) med 25 764. Då er ikkje dei avvikande formene utan -j- medtekne. Dersom desse formene vert tillatne, er det likt til at bruket av dei aukar i synleg mon. Dette er eit døme på ein varsam prognose:

Valformer	Frekv. i korpus	Prognose	Vekta valfridom
<i>ynskj-V-</i>	8 303	7 500	} 85 746
<i>ønskj-V-</i>	10 288	7 000	
<i>ynsk-V-</i>	87	890	
<i>ønsk-V-</i>	ca. 300	3 588	
<i>fylgj-V-</i>	3 750	3 750	} 76 236
<i>følgj-V-</i>	22 807	17 807	
<i>følg-V-</i>	ca. 500	5 500	

Dimed veg den praktiske bruksvekta valfridomen i desse to ordi åleine opp for alle formene nemndi tek ut. Då vert den praktiske valfridomen større med det nye framlegget.

Denne freistnaden på ein modell av vanskegraden i valfridom har ikkje so godt grunnlag at me kan stira oss blinde på tali som fasit. Tendensen er likevel openberr, og kan henda er dét alt me bør hava von om å kunna henta frå ei statistisk handsaming av eit slikt ordmateriale.

5.4 Frekvens som rettesnor

Nemndi byggjer store delar av den nye normi på usus (statistisk utrekning av nytta former i eit tekstkorpus), endå det er usus som har gjort ei ny rettskriving turvande, ikkje berre normi i seg sjølv. Det har vore viktigare for nemndi å vera deskriptiv enn normativ, men so deskriptiv kan ein ikkje vera når me veit at det som har sermerkt skriftbiletet i nynorsk, serleg frå 1938 og ut, er det store formspriket; ikkje berre formelt, men òg i bruk. Problemet er dei ofte nytta formene – det er paradokset. For nemndi derimot er det viktigare å få ned valfridomen i ord som *bolung*, *bræsa*, *brækta*,

med dei grammatiske ordi som før nemnt. Skulle me rekna på den praktiske bruksvekta valfridomen millom *mogele* og *mogle* med same modellen, hadde me fenge 26 547, og 36 292 saman med *muleg*. Det syner at det er rettast å sjå bort frå fuga i modellen.

laugsta og mange andre slike ufrekvente ord enn å få ned valfridomen i frekvente ord som *ynskja* og *fylgja*, der dei heller aukar valfridomen.

Konsekvensen er at me får ein nynorsk som er mindre «tydeleg, enkel og stram» enn før. Den nominelle valfridomen vert mindre (totalmengdi av former i ordlista), men valfridomen i kjerneordtilfanget vert større. Og som me veit, lærer språkbrukarar normi fyrst og fremst etter skriftlege føredøme, ikkje etter oppføringar i ordlista. Desse skriftlege føredømi vert no meir formsprikjande.

Kor sjeldsynte mange av formene på «ut-lista» i rettskrivingsframlegget er, viser desse frekvenssøki i tekstkorpuset (etter 1938): Av dei 290 formene i kapittel 2 i rettskrivingsframlegget på «ut-lista» har 76 av formene 0 tilslag, 22 av formene har 1 tilslag, minst 218 av formene har under 100 tilslag. Talet på former med 0 eller 1 tilslag, eller former under 100 tilslag, kan i røyndi vera høgare (det gjeld serleg former under 100 tilslag), av di ikkje alle former er søkte etter på grunn av at det er for tidkrevjande å t.d. skilja ut homonym.

Som me ser, er ikkje dette nett ei imponerande «innstraming». Serleg ikkje når me veit at det er kring 86 millionar ord i det nynorske tekstkorpuset, og at talet vert endå høgare dersom me tel ord i samansetjingar kvar for seg. Det syner seg soleis at talet på strokne former, serleg strokne former av ufrekvente ord, einast er pynt i statistikken og ingenting bøter på problemet. Me må då spørja: Skal ei rettskrivingsreform av nynorsk vera ei reform av den nynorsken som er i bruk, eller skal ho vera ei lang «ut-lista» med sjeldne ord og former?

5.5 Konklusjon: ei mindre stram norm

Endå rettskrivingsnemndi vil taka ei lang rad former ut or nynorsknormi, vert ho ikkje stramare å sjå til. Grunnen til det er at nemndi samstundes vil føra inn ein god del nye former i ord som ter ofte att i skrift.

Undersøkjingar Aud Søyland og Åse Wetås har gjort, viser at typologisk valfridom ikkje veld synlege vanskar for dei som skriv. Det er difor fåfengt arbeid å skjera so hardt ned på nett denne typen valfridom som nemndi har gjort – det gjev berre negative utslag for tradisjonelle og regionale stiltypar.

Framlegget om å hava m.a. *mykje* og *berre* som eineformer gjev ein viss symbol-effekt, men endrar ikkje mykje på det synlege bruket. Annarleis er det med diftongformene *høyra* og *køyra* osb., som har mest å seia for stramleiken i normi av dei framleggi nemndi har kome med.

Diverre brest stramleiken i skrivemåten heilt med di nemndi vil føra inn valfrie former utan *-j-* i m.a. dei tidgjengde ordi *ynskja* og *fylgja*. Dette gjer at heilskapen i normi frå eit brukssynspunkt vert mindre stram enn før med det nye rettskrivingsframlegget – og det jamvel om me reknar alle klammeformene med i utgangspunktet.

Ortografiske prinsipp

I pkt. «1.6.3 System i språket» i rettskrivingsframlegget dryfter nemndi i tri avsnitt noko me kan kalla ortografiske prinsipp.

6.1 Mentale realitetar

Or pkt. «1.6.3 System i språket» (or fyrste avsnittet):

«[S]ystemet eller klassen bør ha ein mental realitet for brukaren eller brukarane, og at det kan abstraherast frå den konkrete språkbruken.»²⁵

Omgrepet «mental realitet» tolkar me å målbera eit lingvistisk-teoretisk grunnlag for normeringi hjå nemndi, ikkje utan ein viss odd mot strukturalismen. Språkstrukturane som skal leggjast til grunn i normeringi, kan ikkje vera for djupe – dei må vera lett tilgjengelege i det kognitive apparatet, og ikkje for analytiske. Eit slikt utgangspunkt – i alle fall som eit atterhald – kunne ha hatt mykje for seg.

Men det er i den metodiske implementeringi av «mental realitet» at alt skjer seg. Nemndi fører inn komplekse reglar som byggjer på ytlege analysar av krusingar i eit tekstkorpus, noko som fær store konsekvensar når tekstmaterialet i tillegg viser stor variasjon. Me fær ei blanding av ulike ortografiske prinsipp; ei blanding av heil- og halvortofon ortografi og samleformer. Den mentale realiteten som nemndi legg til grunn, er nynorskkorpuset, men ein kan neppe hevda at ein nynorskbukar har heile nynorskkorpuset og frekvensoppteljingane åt rettskrivingsnemndi lett tilgjengelege i det kognitive apparatet.

6.1.1 Myten om midlinenynorsken

At det er former i eit tekstkorpus som er meir frekvente enn andre, er ikkje det same som at det finst ein midlinenynorsk eller at det finst ein nynorsk som er vanlegare enn andre. For ulike personar nyttar ulike former. Sume nyttar frekvente former og bøyingar av sume ord, men ufrekvente former og bøyingar av andre ord. Det er ingi fast og stram husnorm som dominerer. Det finst ingen midlinenynorsk, berre mange linor. Og det seier seg i grunnen sjølv: hadde det funnest ein hovudstraum i nynorsk,

²⁵ Nemndi skriv dessutan same staden at «ein annan måte å sjå system på, er å seia at det finst systematisk variasjon mellom dialektar, t.d. i form av at nokre har diftong på stader der andre har monoftong (som med *drøyma/drømme* og *gøyma/gjømme*)». Det er derimot ingi teikn på at nemndi fylgjer dette prinsippet. Me kan difor sjå bort frå dette i dryftingi.

hadde ikkje denne rettskrivingsreformi vore turvande; me hadde berre børsta bort støvet i krokane, liksom i siste rettskrivingsreformi i bokmål.

6.2 Diakront (språkhistorisk) og synkront (moderne) grunnlag

Or pkt. «1.6.3 System i språket» (or andre og tredje avsnittet):

«Ein tredje måte er klassifisering på språkhistorisk grunnlag. Dette representerer ei språkvitskapleg tilnærming som kan vera vanskeleg å omsetja direkte i praktisk normeringsssamanheng. [...] Det er synkrone, moderne system i nynorsken nemnda har prøvd å finna fram til eller meisla ut der det har vore mogleg.»

Det er rett at ein kan klassifisera eit språk diakront eller synkront, men ei slik tvikløyvd klassifisering har liten relevans for normering. Det er ikkje noko som heiter diakron eller synkron normering. Det diakrone kan derimot vera ein viktig reidskap til å forstå systemet i det synkrone, serleg i eit språk som er so fonologisk kløyvt som norsk; serleg i eit skriftmål som er so ungt som nynorsk, eit skriftmål som attpåtil vantar eit (tydeleg) normsentrum. Sagt annarleis: Det diakrone har berre relevans for normeringi dersom det diakrone har relevans for det synkrone. Det finst fenomen i skriftmål som berre har rot i det diakrone, men då er det på grunn av «tregleiken» i skriftmålet.

Problemet er soleis ikkje fyrst og fremst skorten på diakron tilnærming hjå rettskrivingsnemndi, men at dei ikkje skjønar grunndragi i nynorsk ortografi på synkront nivå (det er norsk talemål). Her er tri tilfellelege døme frå rettskrivingsframlegget (jamførde med gjeldande rettskriving):

Realiseringi av «stum» *d*:

vri el. *vrid* m. → *vri*; *vriar* el. *vridar* m. → *vridar*; *vrien* el. *vriden* adj. ‘rang’ → *vrien*. Resultatet er at «stum» *d* vert realisert på ulike måtar, jamvel i éi og same ordroti: *vri* m. (men t.d. *glid* m.), *vridar* m., *vrien* ‘rang’ (men perf. part. *vriden* til *vri(da)*!).

Ein eller to konsonantar:

sitja [*sitta*] : *sit* [*siter* el. *sitt* el. *sitter*], *sat* [*satt*], *sete* (el. *seti*) v. → *sitja* el. *sitta* : *sit* : *sat* : *sete*. Her bryt nemndi med to parallelle synkrone system. Formi *sitta* (attåt *sitja*) vert meiningslaus utan *sitt* (attåt *sit*) og *satt* (attåt *sat*).

Open o eller å:

brote [*bråte*] m. → *bråte*; *drope* [*dråpe*] m. → *drope*; *flote* el. *flåte* m. → *flåte*. Resultatet er at open o vert realisert på ulike måtar, jamvel i éi og same ordroti: *bråte* m., *drope* m., *flåte* m., men (har) *brote*, (har) *drope*, (har) *flote* (til *bryta*, *drypa*, *flyta*). I bokmål kan det heita *bråte* m., *dråpe* m., *flåte* m., av di det heiter (har) *brutt*, (har) *dryppet*, (har) *flytt*. Valet millom skrivemåten o og å i desse tilfelli er ikkje eit spørsmål om etymologi eller uttala, men eit spørsmål om kva synkrone ortografiske prinsipp ein skal velja. Uttala er i dette tilfellet den same anten ein skriv (har) *brote* eller (ein) *bråte*, sameleis uttala av o og å i *drope* m. og *flote* m.²⁶ Me fær soleis ulike stavingar av ord med lik uttala, alt etter

²⁶ Unnataket er om ein fylgjer uttala i målføre som framleis skil millom ò og å, men då gjeng framlegget til rettskriving i alle høve på tverke.

kva ordklassa dei høyrer til, og alt etter frekvensen. Det må me kalla eit fullkomeleg rot.

6.3 Ivar Aasen og ortografiske prinsipp

Målet burde vera å fastsetja visse ortografiske prinsipp for normeringi. Korleis desse prinsippi skal vera, må tilmåast etter kvart språk for seg. Men éi grunnsetning gjeng ofte att i skriftmålsnormering: det må vera samanheng og konsekvens. Ei bortimot ortofon skriftnorm, eller ei skriftnorm med for mange skiftande ortografiske prinsipp, har so mange variablar at det vert for innfløkt og upraktisk; ho viser ikkje so godt oppbygningen i språket.

Teoretisk kunne Ivar Aasen ha valt tri ulike framvegar i normeringi av landsmålet:

- 1) valt ei eller fleire av dei mest frekvente formene av alt talemål
- 2) valt den mest frekvente dialekten
- 3) valt ein samnemnar, ei abstrahering av systemet i norske målføre

Pkt. 1 svarar nokorleis til det me i statistikken kallar *gjennomsnittsverdet*. Av praktiske (og logiske) grunnar kunne ikkje Aasen gjera dette, men det er på mange måtar denne framvegen nemndi har valt (berre at nemndi er tøynd av tregleiken og dei historiske, utdøyande ortografiske prinsippi i det tradisjonelle nynorske skriftmålet). Ein slik framgangsmåte apar i mangt etter ein koineiseringsprosess, og kunne ha vore bortimot ideell, hadde det ikkje vore for den store variasjonsbreiddi i norske målføre, og den systemlause og eksterne påverknaden frå bokmål. Men ei slik tilnærming skapar i den stoda me har, ikkje eit system, men eit kompleks – som vanskeleg kan kallast ein «mental realitet» for andre enn språknormerarar.

Pkt. 2 svarar på liknande måte til det me i statistikken kallar *typetalet*, det er den vanlegaste variabelen i eit materiale, i vårt tilfelle ein dominerande dialekt eller sosiolekt. Soleis var det målføret i Paris som definerte det franske riksspråket, og toskansk som definerte det italienske riksspråket. I nynorsk skriftmål er det ingen slik variabel som skil seg ut. I dagstoda med bokmålsinnblanding derimot fyller bokmål ei slik rolla (med sume regionale avartar). Dette er føresetnaden for ortofon normering, av di ortofoni i praksis berre kan byggja på éin dialekt. Dette typetal-alternativet kan me godt kalla ein «mental realitet» for nynorskbrukarane i nynorsknormeringi, men med ei slik løysing, der bokmål vert samlingspunktet, fell heile grunnlaget for nynorsken bort.

Pkt. 3 var den framvegen Aasen valde. For norsk målreising var ingen annan veg mogeleg, etter 350 år utan eit eige norsk skriftmål og endå lengre dansk språkleg dominans. Aasens landsmålsnorm var ei abstrahering av systemet i norske målføre; idealtypisk såg han på språket som eit autonomt system. Dette inneber ikkje at normi berre skal taka pedagogiske eller systematiske omsyner, eller at me ikkje skal godtaka inkonsekvensar, men pedagogikk og systematikk kan ikkje vera fråverande. Systematikk har ikkje berre relevans for folk med formell språkkompetanse – underliggjande strukturar er i ulik mon ein del utav den praktiske språkkompetansen hjå vanlege språkbrukarar. Ein slik systematikk kan sjølvstøtt verta ein «mental realitet», berre han er skjønnsamt laga. Og det spørst om ikkje samanheng og reglar som er konsekvente og

greie, har mykje større verdi for eit språk me nynorskbrukarar altfor sjeldan les og høyrer, enn tilfellelege skrivemåtar henta or eit tekstkorpus av ei rettskrivingsnemnd som ikkje ser samanhangar.

6.4 Konklusjon: prinsipløysa

Det kan godt vera at sume seier eller skriv *fylgja*, men *ynska* utan j-innskot (i tråd med rettskrivingsframlegget), men frekvensoppteljing og slumpesame avvik i tala kan ikkje vera eit prinsipp for normeringi, minder ein vil attende til ein tidleg halvlitterær epoke i norsk millomalder. Ein slik framgangsmåte er ikkje anna enn rein deskriptivisme, noko som ikkje høyrer heime i eit moderne skriftsamfunn. Nemndi vantar grunnleggjande ortografiske prinsipp for normeringi. Frekvensteljing i eit tekstkorpus og slumpesame spådomar om framtidnynorsken kvalifiserer ikkje til ortografiske prinsipp. Det er òg ille at nemndi ikkje viser til tilsvarande arbeid i andre land. Her burde det vera mykje å henta.

Mandat og oppfylgging

7.1 Departementet og Stortinget om prinsipp for framtidig normering

Departementet legg til grunn to konkrete prinsipp for framtidig normering, og seier dessutan at desse to prinsippi må fylgjast mest mogeleg konsekvent – d.e. 1) sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming, og 2) stabilitet i rettskrivingi. Anna enn desse to prinsippi, legg ikkje departementet konkrete føringar:

«Stortinget har tidlegare slutta seg til prinsippet om sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming, dessutan prinsippet om stabilitet, dvs. at vi bør ha mindre hyppige og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som tidlegare har vore vanleg her i landet. Desse to prinsippa bør framleis liggja til grunn og praktiserast mest mogleg konsekvent.

Utover desse overordna prinsippa ønskjer ikkje departementet å leggja meir detaljerte og spesifikke føringar på ein framtidig normeringspolitikk [vår uth.]. Det er viktig at ein slik politikk framleis har ei breiast mogleg språkdemokratisk forankring, og mange av dei normeringsprinsippa som vart utvikla av Norsk språkråd, vil truleg vera eit godt grunnlag å byggja vidare på.» (Innst. S. nr. 184 08-09, pkt. 1.6.4.1)

7.1.1 Sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming

Me bit oss merke i at 1. prinsipp – sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming – ikkje ein gong er nemnt eller på annan måte oppsummert i mandatet frå styret i Språkrådet til rettskrivingsnemndi. I framlegget frå nemndi vert derimot prinsippet noko lausleg nemnt, men då i ein annan samanheng:

«Tilnærminglinja er ikkje lenger offisiell norsk språkpolitikk, og nemnda har såleis lagt vekt på å finna fram til dei formene som står sterkast i nynorsk, uavhengig av bokmålet. Ei form som er vanleg i nynorsk, kan ikkje automatisk vera diskvalifisert frå å bli gjeldande form fordi ho finst i bokmål òg.» (Rettskrivingsframlegget, pkt. 1.6.1)

Denne tolkingi målber noko anna enn 1. prinsipp hjå departementet og Stortinget. Ei «sjølvstendig normering» av nynorsken «utan tilnærming» krev, om ikkje ein konsekvent, so ein medviten distanse til bokmål – det målber i røyndi to ulike prinsipp – medan nemndi legg til grunn ei normering der dei læst som bokmål ikkje finst («uavhengig av bokmålet»). I praksis har me enno ei tilnærmingsslina, av di bokmål påverkar i tala og skrift, og av di nemndi i spådomen om framtidnynorsken er so snare til å plukka opp bokmålsformer som «utviklingstendensar», endå desse bokmålsformene er lite frekvente.

7.1.2 Prinsippet om stabilitet

Det mest interessante, derimot, er korleis rettskrivingsnemndi tolkar 2. prinsipp. Når departementet og Stortinget talar om bokmål og «stabil norm», inneber det konkret lite valfridom:

«For bokmålet sitt vedkomande reknar departementet med – trass i at det framleis er etter måten stor valfridom på mange punkt i rettskrivinga – at den oppryddinga og forenklinga som vart godkjend i 2005 har vore tilstrekkeleg til at det så langt fram vi kan sjå, ikkje bør vera trong for større endringar. Dermed skulle det no vera lagt grunnlag for ein relativt stabil rettskrivingssituasjon i bokmål.

Truleg vil det også vera med på å sikra slik stabilitet at variasjonen i faktisk språkbruk i bokmål synest å vera klart mindre enn den valfridommen som rettskrivinga opnar for.» (St.meld. nr. 35 07-08, pkt. 8.4.2.5; fyrste bolc òg attgjeven i Innst. S. nr. 184 08-09, pkt. 1.6.4.1)

Det er då rimeleg å leggja til grunn at departementet meiner det same når dei talar om nynorsk – d.e. etter måten liten valfridom og variasjon i det språket som er i bruk. Departementet målber soleis eit synkront syn på valfridom og variasjon. Nemndi, derimot, meiner at ein skal føregripa so mykje av framtidnynorsken – i praksis bokmålstilnærming – at ein ikkje treng ei ny stor rettskrivingsreform på lang tid:

«"Stabil over tid": Rettskrivingsnorma som me no kjem fram til, skal bli ståande lenge. Derfor er det viktig at me vågar å gjera vedtak som er framtidssrette og kan bli ståande lenge. Samtidig er det viktig at me i normeringsarbeidet ikkje berre ser på tradisjonell nynorsk, men på nynorsken til unge språkbrukarar.» (Or sakpapiiri til nemndemøtet 14.04.2010)

«Norma er laga for framtida, men vi har òg teke omsyn til kva som er 'i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar' i dag. Det har ført til at vi har valt å halde på fleire valfrie former enn det vi i utgangspunktet såg for oss.» (Rettskrivingsframlegget s. 3)

Her ser nemndi fyrst og fremst føre seg «stabilitet» i ordlistone og ikkje i den nynorsken som er i bruk. Hovudskilet millom synet på «stabilitet» hjå departementet og Språkrådet, er at departementet både har eit synkront (samtidig) og diakront (historisk) syn på valfridom og variasjon, medan Språkrådet i avgjerande styrke har eit

diakront syn; det var neppe det som var meint med «over tid» i mandatet. Nemndi set soleis berre dei ytre rãmone for valfridom og variasjon. Slike ytre rãmor kan tenkjast å vera stabile, men det vert meiningslaust å tala om stabilitet når desse ytre rãmone er so vide; alt medan distribueringi av valfridomen og variasjonen innanfor desse vide rãmone er ustabil. Nemndi legg soleis opp til at det kjem til å vera etter måten store endringar i bruksnynorsken i tidi frametter. Me må dessutan spørja korleis endå ei ny rettskrivingsreform som dette kan skapa stabilitet i rettskrivingi.

For å nå dette målet om stabile ytre rãmor, har nemndi i spådomen om framtidnynorsken lagt vekt på «utviklingstendensar» i normeringi. Men spørsmålet er om det ligg til nemndi å på denne måten «støtte opp om utviklingstendensar», slik det heiter i tilnæringsparagrafen, når denne praksisen no er avskipa:

«Den tilnæringslinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare stod sentralt i offisiell norsk språkpolitikk, framstår i dag i praksis som mindre aktuell. Det synest å vere etter måten brei politisk aksept for at vi i dag har to offisielle norske språkformer, og at dette vil vere ein relativt varig situasjon. Det inneber at i staden for å leggje vekt på utviklingstendensar som på sikt kan føre dei to målformene saman, blir måldyrkingsarbeidet snarare knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg.» (St.meld. nr. 13 97–98, 8.4.2.2; jf. òg St.meld. nr. 35 07-08)

Ei slik framtidnormering og eit slikt inntak av bokmålsformer har dessutan ein eigen serdynamikk, som nemndi ser bort ifrå. Det kjem berre til å koma nye krav om bokmålsformer, former som ikkje fylgjer noko system, anna enn at dei kjem frå bokmål. I den store bokmålsverdi vert bokmål mælestaven for kva som er moderne og normalt. Nynorsken kjem aldri til å verta moderne på eit slikt grunnlag. Konesjonane til bokmål kjem aldri til å mona. Nye bokmålsformer stend jamt på vent.

Konsekvensane av at nemndi freistar å løysa desse problemene – d.e. bokmålspåverknaden, skrivemistaki og sjølvframandgjeringsi – gjennom opptak av so mange bokmålsformer, er at det ikkje lenger kjem klårt fram at nynorsken er eit anna språk enn bokmål, med eigne reglar som er tilmåta språket sjølv. Regelbrot og oppsamla rot frå eit anna mål – bokmålet – gjer at det vert ei rad avstikkande ord i staden for ein systemskilnad – det vert alle einskildordi som skil seg frå bokmål ein hengjer seg opp i, i staden for at språkssystemet i nynorsk skil seg frå språkssystemet i bokmål.

Desse «utviklingstendensane» som nemndi peikar på, er i røyndi rein etteraping og påverknad frå bokmål på eit nynorsksystem i full normoppløysing når det gjeld bruk. Den logiske løysingi på ei stabil stoda for nynorsken vert etter dette bokmål, eller eit avbrigde av dette. Nemndi freistar med andre ord å lappa på ein nynorsk i fullt driv mot bokmål. Dei freistar laga eit grovkorna *snapshot*, som ikkje ein gong endar opp i eit stramt kaos. Men det er ikkje oppgåva åt staten å hjelpe fram måldaude, omdialektisering eller normløysa.

Det er sterkt urimeleg å kalla den nye rettskrivingi «tydeleg, enkel og stram». Det er gale å hevda at den nye rettskrivingi fylgjer dei to overordna prinsippi hjå departementet.

7.2 Vedtaket om å taka bort tonivåsystemet i nynorskrettskrivingi

I pkt. 1.5 i rettskrivingsframlegget, sameleis i pkt. 1.5 i høyringsutkastet, skriv Språkrådet at Stortinget vedtok å taka bort tonivåsystemet i nynorskrettskrivingi:

«Stortinget har vedteke at tonivåsystemet i rettskrivinga skal opphevast. [...] Med denne innstillinga blir hierarkiet i nynorsk rettskriving fjerna, i samsvar med stortingsvedtaket.» (Rettskrivingsframlegget pkt. 1.5)

«Stortinget har no vedteke at tonivåsystemet i rettskrivinga skal opphevast. [...] Med denne innstillinga blir hierarkiet i nynorsk rettskriving fjerna.» (Høyringsutkastet pkt. 1.5)

Som ein innsendar i brev 6. april 2011 til Språkrådet peikar på,²⁷ er dette gale. Stortinget har korkje vedteke å taka bort tonivåsystemet eller på nokon måte dryft emnet. Det Stortinget har meldt, er:

«Komiteen viser til drøftinga av norsk normeringspolitikk – dei tradisjonelle rettskrivingsspørsmåla – og språkrøkt i meldinga. Komiteen merkar seg departementet sitt ønske om at dei overordna prinsippa om sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming, samt stabilitet, skal leggjast til grunn for den framtidige normeringspolitikken. Komiteen merkjer seg òg Språkrådets rolle i arbeidet med både normering og språkrøkt.» (Innst. S. nr. 184, 2008–09, pkt 2.4.2)

I brev 12. april 2011 til innsendaren,²⁸ og i vitring 15. april 2011 på netstaden www.nynorsk2011.org, svarar Språkrådet m.a.:

«Det er klårt at Stortinget ikkje har vedteke ei setning med den siterte ordlyden. Men:

I år 2000 godtok Kulturdepartementet ikkje det rettskrivingsframlegget for nynorsk som Norsk språkråd hadde sendt inn, med ein trong læreboknormal og ei vid rettskriving. Departementet bad Språkrådet lage eit framlegg utan sideformer. Det vart utarbeidd og sendt på høyring i 2002, men høyringa vart slik at Språkrådet vedtok å gå bort frå systemet utan sideformer. Språkrådet sende i staden inn ein revidert versjon av 2000- framlegget i 2003. Også dette framlegget vart som kjent avvist av departementet (i 2005).»

Men heller ikkje dette er rett. Departementet bad ikkje Språkrådet taka bort tonivåsystemet. Dei einaste føringane departementet har lagt, er:

²⁷ Dokumenttittel: Feil i innstillinga og høyringsdokumentet frå rettskrivingsnemnda - tonivåsystemet; saknummer: 2011/135; dokumentnummer 104.

²⁸ Dokumenttittel: Feil i innstillinga og høyringsdokumentet frå rettskrivingsnemnda - tonivåsystemet; saknummer: 2011/135; dokumentnummer 105.

«Stortinget har tidlegare slutta seg til prinsippet om sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming, dessutan prinsippet om stabilitet, dvs. at vi bør ha mindre hyppige og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som tidlegare har vore vanleg her i landet. Desse to prinsippa bør framleis liggja til grunn og praktiserast mest mogleg konsekvent.» (Innst. S. nr. 184, 2008–09, pkt 1.6.4.1)

«Utover desse overordna prinsippa ønskjer ikkje departementet å leggja meir detaljerte og spesifikke føringar på ein framtidig normeringspolitikk [vår uth.]. Det er viktig at ein slik politikk framleis har ei breiast mogleg språkdemokratisk forankring, og mange av dei normeringsprinsippa som vart utvikla av Norsk språkråd, vil truleg vera eit godt grunnlag å byggja vidare på.» (ibid.)

Tvert om viser departementet atterhald i dette spørsmålet:

«Det kan verka som eit ambisiøst mål å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer, slik styret i Språkrådet har vedteke.» (ibid. pkt. 1.7.2.1 Nynorsknorma)

«Etter ei samla vurdering har departementet kome til at det likevel er så mykje som taler for ein ny gjennomgang at det ikkje vil vera rett å gå imot at dette arbeidet blir sett i gang slik styret har vedteke.» (ibid.)

At departementet ikkje gjeng imot det Språkrådet konkret har vedteke, er ikkje det same som at departementet har bede Språkrådet å gjera dette konkrete vedtaket. Når departementet gav eit initiativ til Språkrådet om å greia ut om tonivåsystemet burde falla bort eller ikkje, var dette spørsmålet nært knytt til kor stor valfridomen skulle vera. Eit initiativ er ikkje det same som ein instruks. Det var Språkrådet sjølv som vedtok å laga eit framlegg utan sideformer. På dette grunnlaget burde òg Språkrådet ha førebutt arbeidet med ny rettskriving.

Då departementet avviste rettskrivingsframlegget frå Språkrådet sist gong (2000–03), var det fyrst og fremst på grunn av vinglingi i Språkrådet og at det var heilt i det blå kva Språkrådet i framtidi skulle gjera med tonivåsystemet. Spørsmålet om kor stor valfridom og spørsmålet om tonivåsystemet var ikkje den gongen vurdert i ein samanheng. Departementet peika m.a. på at det ikkje var nokor semja i Språkrådet om kor stor valfridomen skulle vera innanfor ei rettskriving utan tonivåsystemet. Desse to spørsmåli tykkjest heller ikkje denne gongen vera vurderte i ein samanheng.

7.3 Konklusjon: normering på ranga

Dei to prinsippi frå departementet og Stortinget om framtidig normering er heilt rangsnudde vortne.

Prinsippet om sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming er utbytt med ei tilnærminglina der ein læst som bokmål ikkje finst når ein vurderer bokmålstilsig i nynorsk, og tolkar interferensen frå bokmål som ei reint intern «utvikling» i nynorsk.

Prinsippet om stabilitet i rettskrivingi er utbytt med ein idé om eit stabilt språk ein gong i framtidi. Det fører til ei vid norm der rettskrivingsnemndi tek med former

dei *trur* kjem til å få større bruksrom. Desse «framtidsspråkene» er i praksis bokmålsformer, ein rein interpolasjon av konsekvensane av tilnæringspolitikken dei siste ættledene. For stoda i dag inneber dette ei ustabil bruksnorm, der ein attpåtil ventar at bruksmønstret skal skifta mot dei nyinntekne formene i overskodelig framtid. Ein uuttala logisk konsekvens er fleire rettskrivingsbrigde som skal føra normi nærare «framtidsspråket», som aldri kjem før enn det er klin likt bokmål.

Mandatet frå Språkrådet om ei «tydeleg, enkel og stram» norm er heller ikkje oppfylt. Det *tydelege* minkar ved at normi gjev opp eige system og legg seg nærare bokmål. Det *enkle* kverv ved at systematiske reglar og samanhengar i nynorsk vert oppgjevne i byte mot tilfellelege og usystematiske lån frå bokmål. Det *strame* veiknar bort ved at valfridomen i det ordfanget som faktisk vert nytta, aukar.

Vedtaket om å taka ut klammeformsystemet saknar den ryggstødi frå Storting og departement som Språkrådet hevdar dei har. Kor som er har ikkje korkje Språkrådet eller rettskrivingsnemndi diskutert eller analysert fylgjone av å fjerna dette systemet i samanheng med andre prinsipp for rettskrivingi. Når styret i Språkrådet vil føra inn att eit røyndleg klammeformsystem i form av ei «tilrådd norm», sannkjenner dei dette problemet – og samstundes at framlegget på langt nær er so «tydeleg, enkelt og stramt» som det heiter i takketala åt rettskrivingsnemndi.

Open prosess?

Den «opne prosessen» med ny nynorskrettskriving opna med at *ingi* tradisjonelle mållag var innbedne til oppstartseminaret 20. januar 2010. Derimot var Riksmålsforbundet og Språklig Samling innbedne.

8.1 Netstaden www.nynorsk2011.org

Nemndi peika i eit opprit på at innspeli dei hadde fenge frå netstaden dei skipa, ikkje tok omsyn til det pedagogiske. Det er ikkje rett. Me har lese alle desse innleggi, og finn tankegangar som fylgjer pedagogiske omsyner, frå folk med ulike meiningar. Derimot kan me vanskeleg sjå nokon pedagogikk i framlegget frå nemndi, so nær som dette eine: Lit til bokmål om du er i tvil.

Me tykkjer denne vurderingi av innspeli frå folk er usakleg og arrogant. Undra nemndi seg røyndleg over at hovudmengdi av innspeli dei fekk frå ulike kantar, tok utgangspunkt i personlege røymslor? Og skal dét mestsom vera ei førebearsla for å ikkje sjå på, dryfta og leggja fram for ålmenta dei mange innspeli som trass i alt har teke tak i prinsipielle sidor ved rettskrivingi – både med og mot det ein sjølv meiner? Eller er det slik at nemndi ikkje har hatt evna eller vilje til å skilja prinsipp og pedagogikk som vik av frå det nemndi sjølv stillteiane har lagt til grunn for arbeidet sitt?

8.2 Etter høyringsmøtet

I eit opprit frå høyringsmøtet om framlegg til ny nynorskrettskriving på netsidone åt Språkrådet, stod det:

«To hovudspørsmål gjekk att i debatten: Skal den nye norma ta utgangspunkt i den nynorsken som er vanleg å sjå i dag, eller skal ein *ta utgangspunkt i ei eldre norm*? Både Høgnorskningen, Ivar Aasen-sambandet, Norsk Måldyrkingslag og Voss Mållag var til stades og heldt innlegg. *Dei meiner at ein må gå tilbake til nynorsken slik han var før 1938, dersom nynorsken skal normerast på eigen grunn.*» [vår uth.]

Dette er ikkje i samsvar med innleggi frå dei fire skipnadene som vert nemnde her, og heller ikkje i samsvar med dei skriftlege høyringsfråsegnene frå desse. Ingi av innleggi eller fråsegnene sagde at utgangspunktet skal vera noko anna enn gjeldande rettskriving.

Det er elles vanskeleg å seia at framlegget frå rettskrivingsnemndi «tek utgangspunkt i den nynorsken me har i dag». Dei vil føra inn mange nye former frå bokmål i nynorsk, vil avskipa det tilvande klammeformsystemet og kasta ut store delar av formsystemet. Dimed fører nemndi inn eit heilt nytt regime i nynorsknormi, beint imot stoda i dag, der tradisjonelle former og austnorske og andre regionale målmerke har ein noko marginal, men like fullt viktig plass.

Dei tradisjonelle mållagi vil styrkja systemet i nynorsk og dimed føra inn systematiske former som følgjer av systemet i gjeldande norm; at slike systematiske former stort sétt har vore tillatne før, er ikkje det essensielle. Oppritet frå Språkrådet minte difor om eit reint propagandainnlegg som berre målbar blinde fordomar og ikkje det røynelege innhaldet i innleggi eller fråsegnene. Etter påtala om dette vart oppritet fjerna heilt frå netsidone til Språkrådet.

Når det var so vanskeleg for Språkrådet å laga eit sannferdugt, nøytralt og innsynsfullt opprit av synspunkti fire organisasjonar målbar på møtet, lyt det tyda at dei som styrer med dette i Språkrådet, ikkje har sett seg inn i saki, eller – endå verre – at dei har ein blind flekk når det gjeld dette.

Det er ei oppgåve for Språkrådet å fremja kunnskap om og vyrdnad for norsk mål, ikkje å spreia tankelause fordomar. Av ein eller annan grunn slepp ikkje kompetansen som evlaust finst i Språkrådet, til på dei gamle samnorske einemerki som nynorsk-normering har vore.

8.3 Retorikk utan røynd

20. mai 2011 vedtok styret i Språkrådet å stella seg bak innstillingi frå rettskrivingsnemndi. Vedtaket lagde stor vekt på dei demokratiske prosessane attom framlegget, og uttala m.a.:²⁹

«Framlegget har [...] brei politisk legitimitet.»

Framlegget bryt vyrdlaust med mandatet åt nemndi (enkel, tydeleg, stram norm) og stortingsvedtaket om ein ende på tilnærmingspolitikken. Framlegget er ikkje førehavt i korkje departement eller Storting. Brei politisk legitimitet er det soleis for tidleg å skrøyta av.

«Inga rettskrivingsreform i Noreg har vore betre fundert.»

Det språklege fundamentet for nynorsk skriftmål er arbeidet åt Ivar Aasen, det kan ein vanskeleg koma unna. Soleis var Hægstad-normi av 1901 best fundert av dei offisielle skriftmålsnormene, med di ho bygde på Aasen og vanlege skrivemåtar etter honom. I andre enden av den historiske fundamentskalaen finn me 1938-rettskrivingi, der nokre av dei vanlegaste skrivemåtane brått vart forbodne.

Det er den marginale statusen dei tradisjonelle formene vart tvinga inn i frå 1938, som rettskrivingsnemndi no nyttar som argument for å ryskja fundamentet for det nynorske språksystemet heilt opp med roti. Det har ikkje vore sneven av eit ordskitte

²⁹ Utsegnene er henta frå vedtakssak i Språkrådet av 20. mai 2011 S 34/11 2012-normalen for nynorsk rettskriving.

om dette, og dimed ligg det ikkje føre noko demokratisk eller prosessuelt fundament heller for det nye normframlegget.

«Den nye rettskrivinga [er] eit historisk kompromiss.»

Arbeidet med den nye rettskrivingi har vore einvegskøyrt all vegen. Tradisjonelle røyster er medvite haldne utanfor, og har ingen part i framlegget som ligg føre. Nemndi har einast opna for ordskifte om kosmetiske meiningsløysor.

«Nynorskbrukarane [er] nærmare ei viss semje i rettskrivingsspørsmålet enn nokon gong.»

Nær helvti av landsmøtet i Noregs Mållag i april 2011 røysta for eit konkret framlegg frå Arvid Langeland som gjekk tolleg langt i å atterreisa systemtrugne tradisjonelle former, tvert imot nemndi, som berre har kasta ut. Grepstad set i beste fall likskap millom nynorskbrukarar og leiarskapen i dei statsfinansierte nynorskinstitusjonane som han idest lyda til.

«Nemnda har spelt med opne kort heile vegen både i framgangsmåte [...]»

Oppriti frå møti i nemndi gjorde ikkje greie for kva for framgangsmåtar som låg attom vurderingane. Til dømes var det tidleg framme hjå nemndi ei vurdering om formi *byrja* skulle bytast ut med **børja*, men kva som låg attom det at denne nye formi vart vurdert – eller kvifor ho fall, for den del – er framleis ei gåta. Det same gjeld mest alle punkti i framlegget: motiveringi vantar og argumentasjonen er vilkårleg, slik at heile vegen fram til framlegget ligg i dimma.

«Alle som ønskte å møte nemnda, fekk høve til det, og nemnda tok også sjølv initiativ.»

Me stilte ei rad spørsmål til nemndi gjennom heile prosessen, utan å få svar. Me baud oss òg til å greia ut spørsmål me tok opp, nøgnare, om nemndi ville – utan respons.

Det er soleis langt millom retorikken og røyndi i denne saki.

8.4 «Tilrådd norm»

8.4.1 Grunngevingi for vedtaket om «tilrådd norm»

Språkrådet samtykte 20. mai til ny nynorskrettskriving, utan sideformer. Endå fyrste punkt i mandatet frå styret i Språkrådet til rettskrivingsnemndi var å laga «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer», slær vedtaket 20. mai kontra og seier at valfridomen og faren for bokmålstilnærming no vert so stor, at Språkrådet difor skal laga ei «tilrådd norm» (utan valfridom³⁰) til bruk i offentlege og private institusjonar. Språkrådet bed departementet godkjenna ny rettskriving føre 1. september 2011, innan «tilrådd norm» vert vedteki på styremøtet februar 2012.

³⁰ Jf. fråsegn frå Språkrådet 20. mai 2011 «Språkrådet støttar ny nynorskrettskriving» under pkt. «Tilrådd norm».

Føremålet og grunngevingi for den tilrådde normi kjem best fram i bolken «Språkrådets tilrådde norm» i sakpapiiri til styremøtet i Språkrådet 20. mai. Me gjev difor merknader til bolken, til kvart avsnitt, som i denne framstillingi er nummererte (sjå vedlegget i bolken 8.4.4 nedanfor).

I bolken «Språkrådets tilrådde norm» heiter det m.a. at «[n]ynorskrettskrivinga blir verande vid» (pkt. 3) og at «[s]om skriftspråk er ikkje nynorsk tent med så vilkårleg utføring. Det vil ikkje vere heldig at det veks fram ein stor underskog av husnormer som ikkje er synlege eller tilgjengelege for omverda.» (pkt. 5). Dette tykkjest vera grunngevingi for vedtaket om «tilrådd norm», endå eit hovudmål med den nye rettskrivingi var å laga ei stram norm. Ei stram norm kan ikkje vera vid.

8.4.2 Skilet millom tilrådd og obligatorisk norm

Sameleis heiter det at «Språkrådets tilrådde norm skal vere ope tilgjengeleg og eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan også gjere det lettare for privatpersonar å finne sin nynorsk.» (pkt. 6) og at «[d]enne tilrådde norma skal vere eit sjølvstendig tilbod og ikkje på noko vis markerast i ordlistor eller ordbøker.» (pkt. 8).

Det er uvisst kva Språkrådet meiner med «tilbod» her. Same nemning er nytta om den vide 2012-normalen, anna at han på eit uklårt grunnlag tykkjest vera meir obligatorisk – «[han] er eit tilbod til alle som ønskjer å skrive korrekt nynorsk og gjeld for alle som pliktar å skrive innanfor ein normal.» (pkt. 1) Men det er usannsynleg, serleg i alt formmylderet i den nye rettskrivingi, at staten ikkje fylgjer rådgjevingi åt Språkrådet – «statens fagorgan i språkspørsmål» – slik staten gjer i andre tilfelle som t.d. ved geografiske namn og transkribering frå slaviske språk (jf. pkt. 7). Det verkar her som styret ikkje heilt forstår at Språkrådet er eit statleg forvaltningsorgan og kva det inneber.

Det kjem fram av sjølve ambisjonane åt Språkrådet at den tilrådde normi skal vera meir enn berre ei av mange husnormer, noko som serleg kjem fram i pkt. 9:

«Det kan vere nødvendig å avklare om nokon som er tilsett i statsforvaltninga, kan forpliktast til å følgje ei slik tilrådd norm. [...] Språkrådet vil i alle høve stimulere flest mogleg offentlege institusjonar, produsentar av digitale språkreiskapar, forlag og aviser, og andre viktige normpåverkarar til å bruke norma.»

Språkrådet kan heller ikkje lova eller instruera at tilrådd norm ikkje skal merkjast i ordlistor. For det er ikkje Språkrådet som gjev ut ordlistor, men forlagi. I valet millom ei ordlista der tilrådd norm er merkt, og ei der ho er umerkt, vel kjøparen den merkte. Det kjem dei økonomisk styrde forlagi til å taka omsyn til.

Bruksområdet og kunnskapskravet til «tilrådd norm» og gamal læreboknormal fell då saman. «Tilrådd norm» svarar til gamal læreboknormal, innkomen bakvegen. Alt utanfor «tilrådd norm» svarar til gamal sideformnormal.

8.4.3 Formelt og uformelt tonivåsystem

I pkt 6. heiter det: «Formelt representerer ikkje dette [den tilrådde normi] eit nytt tonivåsystem, og det skal heller ikkje vere slik at Språkrådets tilrådde norm er rettare

eller betre nynorsk enn andre husnormer.»

Det er heilt rett at dette ikkje formelt er eit nytt tonivåsystem. Dette er òg vårt ankepunkt – fråværet av formalitet bryt på ein avgjerande måte med føresetnaden frå departementet – at «[d]et er viktig at ein slik politikk framleis har ei breiast mogleg språkdemokratisk forankring» (Innst. S. nr. 184, 2008–09, pkt 1.6.4.1). Når skilet millom side- og hovudformer ikkje lenger er vedtektfest, vert normeringi og godkjenningi av ny «læreboknormal» flytt ned på administrasjonsnivå, bort frå den formelle sfæren. Det er same nivå som når Språkrådet gjev råd i teiknsetjing eller gjer innkjøp til kaffien. Departementet misser då avgjerdsamt, og ålmenta misser innsyn. Høyringsrunden var på falske vilkår. Skulle Språkrådet lyfta normeringi av «tilrådd norm» opp på eit høgare, meir formelt nivå enn eit administrasjonsnivå, inneber det ein synleg kritikk av rettskrivingsnemndi og ei formell omgjerding av styrevedtaket om å taka bort normhierarkiet.

Når det då i tillegg kjem fram i pkt. 10 at det berre er éin person som skal sysla med den nye «læreboknormalen», utan andre føringar enn at Fagråd 3 skal gjeva merknader, kan me trygt seia at nynorsken aldri er vorten normert av so få og med so lite innsyn.

Heller ikkje Fagråd 3 tykkjest vera orientert om saki. I brev frå Fagråd 3 1. juli 2011 til styret i Språkrådet, kjem det m.a. fram:

«Fagråd 3 har lese styrevedtaket om nynorsknorma med interesse. Vi har særleg festa oss ved punkt 6, med plan om ei tilrådd norm med liten valfridom.

Det går fram av dokumenta at fagrådet skal ha ein plass i arbeidet med ei slik norm, men førebels har vi ikkje høyrte meir frå styret om dette, og vi ser fram til nærare kontakt om saka.»³¹

Vedtaket om ei «tilrådd norm» målber soleis at siste ord heller ikkje denne gongen er sagt om normeringi eller normhierarkiet, liksom sist gong departementet avviste rettskrivingsframlegget.

8.4.4 Vedlegg: «Språkrådets tilrådde norm»

[vår nummerering]

[1] 2012-normalen er eit tilbod til alle som ønskjer å skrive korrekt nynorsk og gjeld for alle som pliktar å skrive innanfor ein normal. Språkbrukarar lærer i større grad skriftleg språkføring etter føredøme enn etter talemål. I praksis bruker nær sagt alle stavekontrollar, mange også omsetjingsprogram. Dei stilkontrollane som måtte bli laga, gir då rom for trongare og brukardefinerte normer. Dette er alt tilfelle i dag.

[2] Den sterke og aukande bruken av dialekt nær skrivemåte i nye medium gjer det enklare for nynorskbrukarane å slutte opp om ei slik tilrådd norm. Dialektbruken i tekstmeldingar, på bloggar og pratesider dokumenterer på eit vis at nynorsken sjølv i si vidaste form ikkje er dialekt nær nok for slike medium. Det aktualiserer behovet for ei tilrådd skriftspråkleg norm. Både det kollektive einskapsprinsippet og prinsippet

³¹ Arkivsakid:11/426; arkivsaktittel: Revisjon av nynorskrettskrivinga – behandling etter innstillinga; journalpostnr.: 11, journalposttittel: Kommentar til styrevedtaket om nynorsknorma – spesielt punkt 6, med plan om ei tilrådd norm med liten valfridom.

om individuell valfridom blir førte vidare med den nye rettskrivinga. Valfridomen er på plass; einskapsprinsippet kan bli meir utsett enn det som godt er. Fagrådet for normering og språkobservasjon skriv at "det er mogleg å ønskja seg eit endå tydelegare fokus enn nemnda har hatt" på dette. Mange institusjonar, organisasjonar og verksemdar kjem til å gjere mange val innanfor normalen og fastsetje eigne husnormer. Slike husnormer skal brukast av personar med ulike språklege og kulturelle føresetnader, og dei må vere fagleg godt funderte for at dei skal dekkje dei daglege behova som følgjer av særleg mållova og arbeidet med klarspråk i offentleg forvaltning.

[3] Nynorskrettskrivinga blir verande vid, men på ein annan og tydelegare måte enn før. Det er også bokmålsrettskrivinga, men der set fleire private og offentlege normsenter sitt tydelege preg på praksis. Skriftspråk treng slike normsenter, ikkje minst nynorsk, som totalt sett blir mindre brukt enn bokmål. Dei store regionavisene utgjer nok ei viss normerande kraft, likeins NRK og Det Norske Samlaget. Ingen av desse representerer ei open normfastsetjing.

[4] Rettskrivingsnemnda viser at statsforvaltninga skriv mange typar nynorsk og har avdekt fleire tilfelle av at ein ønskjer husnormer og omsetjingar "så bokmålsnært som mogleg". Dette kjem til uttrykk i høyringsfråsegna frå Justis- og politidepartementet. I mange tilfelle er det miljø prega av bokmålsbrukarar som tingar slike husnormer. Dei tek for lite omsyn til at nynorsk skal normerast og utviklast på sjølvstendig grunnlag, og dei kan ha dårlege føresetnader for slike vurderingar.

[5] Som skriftspråk er ikkje nynorsk tent med så vilkårleg utføring. Det vil ikkje vere heldig at det veks fram ein stor underskog av husnormer som ikkje er synlege eller tilgjengelege for omverda. Staten er i praksis eit tydeleg normsenter for bokmål, men ikkje for nynorsk. Det manglar i det heile tydelege normsenter i nynorsk skriftkultur. Framlegget frå rettskrivingsnemnda gjer det aktuelt for Språkrådet å bli eit slikt normsenter. Dermed tek staten eit initiativ som elles vil bli teke av mange private interessentar.

[6] Det omfattande arbeidet til rettskrivingsnemnda, dei mange høyringsfråsegnene og den språkfaglege kompetansen i administrasjonen set Språkrådet i stand til å lage ei tilrådd norm for nynorsk. Språkrådets tilrådde norm skal vere ope tilgjengeleg og eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan også gjere det lettare for privatpersonar å finne sin nynorsk. Formelt representerer ikkje dette eit nytt tonivåsystem, og det skal heller ikkje vere slik at Språkrådets tilrådde norm er rettare eller betre nynorsk enn andre husnormer. Derimot kan alle språkbrukarar vere sikre på at norma held høg fagleg kvalitet.

[7] Språkrådet har tradisjon for og solid røynsle med å vedta tilrådde normer, til dømes om skrivemåten av geografiske namn og transkribering frå slaviske språk. At det er nettopp er Språkrådet som lagar ei slik norm, strekar under at nynorsk er og skal vere eit nasjonalspråk, normert på eige grunnlag.

[8] Språkrådets tilrådde norm må haldast innanfor dei formene som det store fleirtalet av nynorskbrukarar nyttar og dermed i hovudsak liggje trygt innanfor dagens læreboknormal, med dei tilpassingar som følgjer av 2012-normalen. Valfridomen bør vere avgrensa for at norma skal vere mest mogleg funksjonell, men til dømes a- og e-infinitiv må vere sjølvskrivne delar. Denne tilrådde norma skal vere eit sjølvstendig tilbod og ikkje på noko vis markerast i ordlister eller ordbøker.

[9] Det kan vere nødvendig å avklare om nokon som er tilsett i statsforvaltninga, kan forplikast til å følgje ei slik tilrådd norm. Sjølv om statstilsette eventuelt står

fritt til å skrive som dei vil berre dei er innanfor rettskrivingsnormalen, blir det ikkje annleis med Språkrådets tilrådde norm enn om etaten sjølv tingar og utformar ei husnorm. Språkrådet vil i alle høve stimulere flest mogleg offentlege institusjonar, produsentar av digitale språkreiskapar, forlag og aviser, og andre viktige normpåverkarar til å bruke norma.

[10] Sekretæren for rettskrivingsnemnda, Aud Søyland, vil ha dei beste føresetnader for å gjere eit slikt arbeid, og ho har sagt seg interessert i eit slikt oppdrag. Etter at fagrådet for normering og språkobservasjon har gitt si tilråding i saka, kunne Språkrådets tilrådde norm for nynorsk vonleg bli fastsett i styret seinast i februar 2012.

8.5 Konklusjon: normering på kammerset

Endå nemndi fagert lova ein «open prosess», har røyndi vore motsett. Nemndi har medvite halde seg borte frå ordskifte om det meir prinsipielle grunnlaget for normeringsarbeidet. Det er eit stort lyte i arbeidet med eit kulturmål.

Prosesen har vore einspora, men utan at dei røyndelege føresetnadene for arbeidet har vore framlagde for ålmenta. Opposisjonen frå tradisjonelt hald er tilsidesett og låtteleggjord trass i ekstremt retorisk fokus på ein «open prosess».

Når styret i Språkrådet so på eigi hand vil laga ei ny «tilrådd norm», som i praksis må fungera som ei hovudnorm om det i det heile skal vera noko føremål med henne, gjer dei i røyndi narr av heile prosessen, slik mange språkfolk alt har sagt frå om.

Ymse ord og former

Mange av framleggi frå rettskrivingsnemndi vitnar om dårleg gjennomtenkte løysingar utan fagleg eller praktisk grunnlag. Her listar me opp sume av dei. Mange av ordi er sjeldsynte, og di meir lyt me stussa over at nemndi har nytta so mykje destruktiv kreativitet på dei.

9.1 Problematiske endringar

► *breiddfull* el. *breiddfull* adj. → *breiddfull*. Desse ordi har – med god grunn – ulike oppføringar i NNO, av di *breidd* f. ‘øvste kant av eit kar; bard’ og *breidd* f. ‘det å vera brei’ er ulike leksem – noko nemndi tydeleg ikkje har sétt. Det er rett at *breidd* f. – som eit bokmålslån – òg kan tyda *breidd* f., men då berre i tydingi (elve)*breidd* og ikkje ‘det å vera brei’.

Til grunn for skrivemåten *breiddfull* for *breiddfull* ligg ei hypernorvagisering, ei nylaging som helst berre er eit skriftfenomen. Men kan ei slik mistolking i skrift hjå sume vera grunn til å taka bort ei form?

► *breidd* f. → *breidd* el. **breidde*; *høgd* f. → *høgd* el. **høgde*; *lengd* f. → *lengd* el. **lengde*; *vidd* f. → *vidd* el. **vidde*. Her viser nemndi eit samanbrot i kunnskap om tonelag i norsk talemål. Former med *-e* inneber at me fær tostavingstonelag i bundi form, men det er neppe nokon som seier ‘den høgda’ eller ‘den vidda’ med noko anna enn einstavings-tonelag – d.e. ikkje som i ‘den (fjell)vidda’.

Tostavingstonelag i desse ordi i bundi form strid mot alt talemål. Attom skrivemåten ‘ei breidde’ osb. løyner det seg etter alt å døma ei uttala som svarar til ‘e(i)n bredde’ og ‘(den) bredden’, som har tostavingstonelag. Ei slik normering løyser opp systemet so mykje at ein i neste venda må krevja hannkjønn for desse ordi, som det er i bokmål. Ei slik normering er elles eit godt døme på korleis nemndi freistar å laga eit slags system ut av ein systemlaus bokmålsinterferens.

► *de* : *dykk* : *dykkar* pron. → *de* : *dykk* : *dykkar* el. *dokker* : *dokker* : *dokkar*. Grunngevingi for denne endringi gjev nemndi i rettskrivingsframlegget (s. 164):

«Mange etablerte nynorskbrukarar seier òg at *de/dykk* er mellom dei ordformene som kjennest mest framande i den gjeldande rettskrivinga, og at dei prøver å omgå formene ved å skriva om setninga eller bruka dialektformer som *dokke(r)* i skrift.»

Same problemet gjeld *dokker* (ei form som ikkje finst i det nynorske kjerneområdet), og serleg *dokkar* som knapt finst i noko talemål. Her kjem folk til å skriva *dokk*, *dokke*, *dåkk*, *dåkker*, *deko*, *dere* og tilsvarende former for *dokkar/dykkar* – og me er like langt.

► *doktera* el. *dokterera* v. → *dokterera*. Ordet er heller avaldra, og *doktera* er meir frekvent enn *dokterera* – jf. desse søki i Nasjonalbiblioteket: “å doktera” og “å dokterere” 3 + 2 tilslag, medan “å doktera” og “å doktere” gjev 15 + 4 tilslag.

Det er uråd å vita korleis nemndi har tenkt her, men me må leggja til at det på ingen måte er visst at *doktera* er ein «haplografisk» servokster av verbet lat. *doktorare*. Verbet kan likso godt vera eit a-verb, avleitt av *dokter* m. Helst det siste.

► *drøk* f., pl. *dreker* el. *dråk* f., pl. *dræker* → *dråk*, pl. *dræker*. Etter alt å døma to ulike ord, som vert nytta på kvar sin kant av landet, og berre i målføreprega tekstar. Dimed ingen grunn til å normera nokon av dei bort.

► *drya* el. *dryga* v. → *dryga*. Her er *drya* ei samnorskform for °*drygja*, soleis at dette paret burde handsamast på lina med formene med og utan -j-. Formi *drya* samstavast soleis med t.d. *tøya* for °*tøygja*, som ikkje har nokor j-laus sideform **tøyga*.

► *erga* el. *ergra* v. → *ergra*. Desse ordi er ulike leksem og har attpåtil ulike oppføringar i NNO. *ergra* kan berre tyda ‘harma, erta’, og finst helst berre i refleksive konstruksjonar som ‘å ergra seg’. *erga* kan derimot òg tyda ‘eggja opp’ (ei tyding som er vanleg i talemålet), noko *ergra* ikkje kan. Det er difor ikkje semantisk mogeleg å skriva ‘ergra opp nokon’ for ‘erga opp nokon’.

erga vert bøygt -ar : -a : -a, og er difor etter alt å døma avleitt eller påverka av *erge* m. (norr. *ergi* f.) ‘harme’, som sjølv er avleitt av *arg* adj. (norr. *argr* adj.), medan *ergra* er lån frå tysk.

► *fit* f., pl. *fitjar* ‘grasvoll, sidlende’ → **fet*, pl. **feter*. Ordet gjev ingi tilslag i korpuset, korkje i skrivemåten *fit* eller *fet*.³² Det er difor uvisst for oss korleis nemndi har tenkt her.

Truleg har dei sett ordet i samanheng med *fete* [fite] m. ‘feitleik’, der dei vil taka ut formi *fite*. Dette siste er skyldt *feit* adj. og viser att til germ. **fitan-*, og vert grunnlaust oppgjeve som etymologi til *fit* f. i sume ordbøker.

Men ordet *fit* høyrer snarare til same ordskap som *fot* m., pl. *føter* – d.e. germ. **fetjō* (med e-steg) > urn. **fitju* > norr. *fit*. Den eksakte semantiske framvokster er noko uviss, men ordskapen må seiast å vera viss. Ein mogeleg semantisk (og formal) framvokster, er å knyta *fit* til ein gamal neutr. kollektiv (fell formalt saman med hokjønn eintal) av germ. **fetjan*, som soleis er identisk med gresk *pedíon* ‘sletteland’.

Det er difor ingen grunn til å endra stavemåten her og gjera kommunenamnet *Fitjar* rangstava.

► *ganga* el. *gå* v. og *standa* el. *stå* v. → *gå* og *stå*. Desse ordi er synonyme, men kan knapt kallast variantar. Stuttform av *ganga* og *standa* i målføri er *ga* og *sta*, medan *gå* og *stå* er austnordiske eller lågtyske lån. Ein skulle tru at slikt regulerte seg sjølv gjennom praktisk bruk, jf. svensk som offisielt held på t.d. *gånga* og *stånda* jamsides *gå* og *stå*.

► *honom* el. *han* pron. obj. → *han*. Formi *honom* vert ikkje berre nytta som objektform generelt, men òg som trykksterk objektform. Det gjer at formi vert lite nytta, men at

³² *fet* n. av norr. *fet* (som i ‘fot og fet’) gjev tilslag, men det er eit anna ord med onnor uttala (open è). Stadnamnformi *fitjar*- gjev òg mange tilslag.

ho like fullt er sers nyttug i dei tilfelli der ho vert nytta. Slike tilhøve har ikkje nemndi diskutert.

- ▶ *jås* el. *jåss* n. → *jåss*. Kva med *jåsa* el. *jåssa* v.? Kvifor skal det vera valfridom her?
- ▶ *kaldleg* el. *kaldsleg* adj. → *kaldsleg*. Desse ordi er ikkje reint synonyme, men nemndi stryk *kaldleg* – jf. *reinleg* og *reinsleg*, *mannleg* og *mannsleg*. Endå det er vanlegare med innskoten *s* millom ord på *l* (og *ld*) og suffikset *-leg*, viser eit søk i nynorskorpuset at *kaldleg* ofte er nytta som adverb (norr. *-liga*), noko *kaldsleg* ikkje (sjeldan?) er. I Norsk Grammatik gjev Aasen denne dryftingi:

«57. At en Konsonant indskydes for Vellydens Skyld, kan rigtignok her ansees som en Sjeldenhed; imidlertid forekommer dog ogsaa denne Tillempling i det mindste i eet Tilfælde, nemlig naar et R kommer efter L eller N, da nemlig et D indskydes imellem disse Lyd. Saaledes: *sildra* (for *silra*, jf. *sil* og *silla*), *gneldra* (af *gnella*) [osb.] Det S, som ofte findes forved Endelsen 'leg', kunde ogsaa stundom synes indskudt for Vellyds Skyld, nemlig naar et L gaar forud, f. Ex. *fælsleg*, *illsleg*, *kaldsleg*; men **da dette bruges i mange andre Tilfælde, maa det vistnok have en anden Grund** [vår uthv.]»
(Norsk Grammatik, s. 43–4)

- ▶ *kresen* [*kræsen*] adj. → *kresen*. Kva med å *kræsa*?
- ▶ *kumpe* f. og *kumle* f. → **kompe* og **komle*. Tilvising til stavingi av ei *lompe* verkar slumpesamt. Det heiter sameleis *lump*. «O-ljod» [u] eller [ʊ] er den vanlege uttala av *u* føre *m*, jf. *bums*, *dum*, *dump*, *fump*, *gump*, *humla*, *hump*, *humra*, *kum*, *lummer*, *mumla*, *nummer*, *pumpa*, *rumla*, *rumpa*, *stump*, *sume* og *tumla*, for å nemna nokre. Derimot er «å-ljod» [ɔ] den vanlege uttala av open *o* føre *m*, jf. *koma* og *som*, medan trong *ó* føre *m* har «o-ljod» [u], med den skilnaden frå <-um-> at vokalen oftare er lang, jf. *dom* [du:m], *tome* [tu:mə].
- ▶ *kviksølv* [-sylv] el. *kvikksølv* [-sylv] n. → *kvikksølv* el. *kvikksylv*. Kva med eineformi *kvik* adj.? Og *kviksand* el. *kvikksand* same vegen?
- ▶ *lating* el. *leting* m. → *lating*. Desse ordi er synonyme. Grunnen til å halda på båe, er at dei har ulik ordlaging; ikkje ulik målvokster som nemndi ser ut til å tru. *lating* er avleidd av *lat* adj., medan *leting* etter alt å døma er avleidd av *lete* f. 'latskap'. Me minner elles om eit ordtak som «det lagast letingom til», der *lating* er ubrukande.
- ▶ *lealaus* el. *ledalaus* el. *ledlaus* adj. → *lealaus*. Adjektivet er samansett av *led* m. og *laus* adj. Og kvifor fær då *leda* el. *lea* v. (og *ledug* og *ledig* adj.) stå?
- ▶ *lèt* pres. til inf. *lata* → *lèt* el. **lar*. Skal det no heita **tillar* pres. attåt *tillèt* til inf. *tillata*?
- ▶ *mod* el. *mot* n. og *moda* el. *mota* v. → *mot* og *mota*. Kva med *tolmod*, *modig*, *oppmoding*, *moda opp*?
- ▶ *nashorn* n. el. *nashyrning* m. → *nashorn*. So lenge nemndi ikkje forbyd ordet *hyrning* m. 'dyr med horn', so lenge me har fri ordsamansetjing i norsk, og so lenge andre ord med *-hyrning* stend att, er det meiningslaust å taka ut *nashyrning*.
- ▶ *ostre* f. el. *østers* m. → *østers*. Desse ordi er synonyme, men har ulik ordlaging. Båe bør difor få stå. *ostre* er nedervd frå gamalnorsk, medan *østers* er lån frå lågtysk – både frå lat. *ostreum*.

ostre gav dessutan ingi tilslag i nynorskorpuset. Ein skulle difor tru at slikt regulererte seg sjølv gjennom praktisk bruk, ikkje at hovudmålet med denne rettskrivingsreformi var å laga ei lang ut-lista med sjeldne ord og former.

► *peik* [pek] n. → *peik* el. *pek*. Men kvifor skal det vera *peika* [peka] v. → *peika?* *peik* og *pek* er elles ulike stavingar av same ordet.

► *rysja* v. (*rys* : *ruste* : (har) *rust*) → *rysja* el. *røsa* (*røs* : *røste* : (har) *røst*). Det er her tale om tri ulike ord 1) 'beva, grysja', 2) 'flekka av' og 3) 'drysja, strøyma ned' – jf. GM for etymologi. Det er neppe soleis at nylagingi *røsa* svarar til alle desse. Det er elles uråd å vita korleis nemndi har tenkt her, av di grunngevingi vantar.

► *samkvæme* n. el. *samkvem* n. → *samkvem*. Ordi er semantisk samanfallande, men har ulik ordlaging.

► *sev* el. *siv* n. → *siv*. Dette ordet har ingenting å gjera i ei normeringsoppstilling av skrivemåten av open *i* (d.e. gamalnorsk stutt *i*) – ulikt *fite* el. *fete* m. 'feitleik'. Same gjeld *klepp*(fisk) og *glepp*.

sev svarar til gamalnorsk *sef*, medan *siv* er lån frå dansk, der *siv* har ein yngre, spontan og uforklart *i*.

► *sjoda* v. (*syd* : *saud* : *sode*) → **syda* (*syd* : *saud* : *sode*). Her lagar nemndi ei ny form til avløyning av gjeldande, men desse ordi er i praksis ulike leksem. Det tradisjonelle riksmålsordet *syde*, som det her er tala om, kan knapt samanstellast med eller koma i staden for det nedervde *sjoda*, skal nemndi fylgja eigne leksikografiske prinsipp. Uttala og bøyningi av riksmålsnedfallet *syde* er i talemålet å *syde* /sy:de/ : *sydar* /sy:dar/ : *syda* /sy:da/ (d.e. med uttala d), og kan ikkje sameinast med *sjoda*, korkje i uttala eller bøyning (*sjoda* : *syd* : *saud* : *sode*).

Skilet millom *sjoda* og *syda* viser seg ikkje berre i semantikken, men òg i transitiviteten. *syda* kan knapt vera anna enn intransitiv (t.d. 'det sydet/syda av liv'), medan *sjoda* kan vera både intransitiv og transitiv (t.d. 'å sjoda av', og 'sjoda opp gryta' eller 'sjoda gryta opp'). Nemndi gjer soleis både ordi ubrukelege. Ein kan ikkje skriva «byen saud av liv» for «byen sydet/syda av liv», like lite som ein kan skriva *syda* i «Du faar gaa heim i Eldhuset og sjoda opp ei Gryta med Vatn, du!» (Sivle).

Har nemndi granska transiviteten i andre slike verb? T.d. *gysa* [gjosa] v. (*gys* : *gaus* : *gose*) → *gysa?* Her stend det i alle fall att arbeid.

► *skruva* el. *skru* v. → *skru*. Jf. *huve* el. *hue* f., *tuve* el. *tue* f. Og kva med (*heil*)*skru* el. *-skruv* m. som fær stå?

► *skurd* m. → *skurd* el. **skur* i tydingi 'treskurd'. Frå før har *skur* vore valfri form attåt *skurd* i andre tydingar, men det skal vel framleis heita berre *orskurd*. Skrivemåten <rd> i ordrøter vert lesen [r] på vestnorsk og [r] på austnorsk og er velkjend frå ålgjengde ord som *ord* og *bord*. Det skulle difor ikkje vera noko i vegen for å nytta *skurd* som eineform, serleg av di ein ikkje kan gjennomføre valfridomen fullt ut i t.d. *orskurd*. Det ligg i korti at det er bokmålsformene *skur* og *orskurd* – det fyrste lånt frå nynorske målføre, det siste frå nynorsk skriftmål – som styrer kva rettskrivingsnemndi synest er høveleg.

► *skutel* el. *skyttel* m. → *skyttel* 'reiskap til å skjota veften inn i veven'. Desse ordi er ulike leksem, og *skutel* kan difor ikkje takast ut. For *skutel* har i tillegg tydingi 'harpun, kastespjot' og 'stong i gjerdeled'. For dei som ikkje er i vev-yrket, er vel tydingi 'harpun,

kastespjot' den mest kjende. Ein kan heller ikkje på teknokratisk måte avgrensa *skutel* til ei eigi oppføring, berre med tydingane 'harpun, kastespjot' og 'stong i gjerdeled'.

► *skøyta* v. → *skjøtta*. Verbet *skøyta* har to hovudtydingar 'festa i hop' (som berre kan heita *skøyta*) og 'ha omsut for', eit ord som bokmål har kløyvt i to – *skjøte* og *skjøtte*. Men kva med *skøytelaus* adj. og *skøyten* adj. – skal det heita **skjøttelaus* og **skjøtten*?

► *smult* [*smolt*] n. → *smult*. Ordi er ulike leksem, jf. tydingi 'smurning' for *smolt*. Ordet *smult* er eit lån frå dansk, medan *smolt* er nedervt.

► *sorgmodig* el. *sørgmodig* adj. → *sørgmodig*. Kva med eineformi *sorgmod* n.?

► *speia* el. *speida* v. → *speia*. To ulike opphav. *speia* kjem av norr. *spæja* el. *speja*, og er ikkje eit tilfelle av ortofon skrivemåte utan «stum d», som nemndi klassifiserer det.

► *-stilling* el. *-stelling* f. → *-stilling*; *-stella* el. *-stilla* v. → *-stilla*. Det skal enno heita *stilla* og *stella* v. 'leggja, setja osb.' og *stilling* og *stelling* f., men altso ikkje *-stilling* og *-stella* i samansetjingar. Forstå det den som kan. Kva med *tilstelling*, som ikkje kan heita **tilstilling*?

► *streta* v. → *streta* el. **stritta*. Dette er to ulike leksem som berre har overlappende tyding i sumt. *stritta* kan ikkje ha tydingi 'slita og slepa; ta eit røynebak' som *streta* har.

streta svarar beint til norr. *strita*, jf. òg skrivemåten °*strita*. Verbet *stritta* er innkome frå dansk, vel opphavleg med same tydingi som norr. *strita*, men samanblanda i formi med eit anna verb *stritte* 'spruta' (jf. da. dial. *stred* < gda. **stritæ*) og i tydingi med eit anna verb *strutte* 'strutta'. Jf. òg *stratta imot* og *strutta imot* i vestnorske målføre.

► *sturt* el. *styrt* m. → *styrt*. Kva med ordtøket «i hurten og sturten»?

► *svarm* el. *sverm* m. → *sverm* (berre i tydingi 'flokk'). I utgreiingi viser nemndi til at «svarm finst i tydinga 'ørske'», som har oppføringi 'II svarm m1' i NNO. Problemet med ei slik normering er at oppføringane 'I svarm m1' og 'II svarm m1' i NNO er identiske ord, både formalt og semantisk. Grunnen til ei slik dobbeloppføring er soleis at *svarm* har fleire tydingar enn *sverm*. Nemndi kan difor ikkje på uhistorisk grunnlag føra opp *svarm* berre i tydingi 'ørske'.

► *tin* m. → **tenar* el. **tennar*. Her lagar nemndi to heilt nye former til avløyising av gjeldande form. Båe formene kolliderer med andre ålgjengde ord. GM fører dessutan opp på lag 30 ulike målføreformer for dette ordet. Kunne ikkje *tin* få lov til å vera samleform, slik det sidan Aasen har vore?

► *tofle* f. el. *tøffel* m. → *tøffel*. Ordi fell saman i tyding, men har ulik ordlaging og ulikt kjønn. Sjå *ostre* f. el. *østers* n. ovanfor.

► *ty* el. *tøy* n. → *tøy*. Det kan godt vera at *tøy* er mykje meir frekvent enn *ty*, men *ty* er enno vanleg i samansetjingar, både i skrift- og talemål – t.d. i *syltety* og *blekkty*. Har nemndi søkt på samansetjingar?

► *veikje* el. *vækje* f. → *veikje*. Desse ordi er heller regionale, og me forstår ikkje kvifor nemndi er nøydd om å borti desse. Ordi fell etter det me veit saman i tyding, men har etter alt å døma ulikt opphav; uvisst korleis. GM fører opp 'avl. av våk m.', som i alle fall formalt kan knytast til *vækje*, men ikkje til *veikje*.

► *verd* el. *verde* n. el. *verdi* m. → *verd* el. *verdi*. Kva med *truverde*, som berre har denne oppføringi i NNO? Ordi *verd* og *verde* vert ikkje nytta likt, t.d. talar ein helst om eit *talverde* og eit *menneskjeverd*.

► -vere f. el. -være n. el. -vær n. → -være n. el. -vær n. Nemndi insisterer på å kalla dette «suffiks», men vere f. og være n. er eigne ord med overlappende tyding i sumt. Berre -vær n. er retteleg eit suffiks, laga av Knud Knudsen for norskdansk i 1850-åri.³³ Det synest som nemndi set seg føre å vilja neitta oss fri ordsamansetjing på norsk – eit av dei mest produktive språkelementi me har. At det er nyttugt å halda seg med baa, ser me av dette dømet:

Husvære er ei leksikalisert samansetjing med avgrensa, konkret tyding ‘husrom, bustad i hus’. Dimed kan *husvera* tyda ‘den tidi ein har opphald i eit hus’. Når vart det ynskjeleg å fjerna høvet til nyansar?

I *fråsegn til styret i Språkrådet frå fagrådet for normering og språkoobservasjon (fagråd 3) om arbeidet til rettskrivingsnemnda for nynorsk* heiter det:

«Det er umogleg for ei rettskrivingsnemnd å gjennomarbeida all rettskriving og alle formreglar på ordnivå for eit skriftspråk innanfor eit drygt år. Det vil difor vera bruk for eit omfattande etterarbeid i form av ordbok- og ordlisterevisjon, føresett at rettskrivingsendingane blir sanksjonerte.» (pkt. 3)

Men ei innarbeiding av formframleggi frå rettskrivingsnemndi fører ikkje til at problemi og meiningsløysone i lista ovanfor vert borte. Til det er mange av framleggi for ambisiøse og for lite gjennomtenkte i alt det dei dreg med seg. Vil ein halda på eit minstemål av konsekvens, lyt ein anten føra inn nye absurde former eller fly frå røyndi ved å låst som mange av ordi som vert råka, ikkje finst, og radt strjuka dei frå ordlistone – eller tvert imot stilleiande sjå bort frå mange av dei nye framleggi som urealistiske å gjennomføra.

9.1.1 «Ulik ordlaging» og «tydingnyansar»

I høyringsutkastet gav nemndi ei rad ord ulike oppføringar på grunnlag av «ulik ordlaging» (samansetjing og avleiing) – t.d. å *fremma* el. *fremja*, ei *lenkje* el. *lekkje*, å *rydja* el. *rydda* og mange andre. Desse har ikkje ulik ordlaging, men ulik målvokster, på same måte som bokmål *tyve* el. *tjue*, å *lyve* el. *lyge* osv. har ulik målvokster. Desse ordi kan difor ikkje ha ulike oppføringar på grunnlag av ulik ordlaging. Ord med røyndleg ulik ordlaging vert derimot strokne – t.d. *samkvæme* (*samkvem*), *nashyrning* (*nashorn*) og *speia* (*speida*). Dette er hverk. Kva som skal vera med eller ikkje, synest heller planlaust, anna enn at ord som røyndleg har ulik ordlaging, oftare vert strokne. Me må få venta at nemndi (og fagrådet) har kunnskap om målvoksteren frå gamalnorsk til i dag, om so berre i grunndrag. Serleg når det er på eit slikt diakront grunnlag at nemndi vurderer ordi.

Nemndi gav ei rad ord ulike oppføring på grunnlag av «tydingsnyanse» – t.d. *erva* andsynes *arva*. Det er i seg sjølv ein underleg praksis. Her laut nemndi ha greitt ut betre. I flest alle tilfelli er det uråd å gissa seg fram til skilet i tyding eller vita korleis nemndi har tenkt.

I den endelege innstillingi fall desse merknadene på ordnivå bort, vel etter innspel utantil. Her er det no berre ei generell utgreiing:

³³ I tradisjonell norsk er *vær* eit adjektiv, slik at t.d. *fråvær* er eit adjektiv som tyder ‘fråverande’.

«Nemnda tilrår [...] nokre prinsipp for når variantar skal førast opp som ulike ord, og det er grunn for ordbøkene til å føra opp to forskjellige oppslagsord. Orda bør oppfatast som separate ord og ikkje som formvariantar når:

- dei har (til dels) ulikt semantisk innhald (døme: *lut*: pengeinnskot; aksje; del / *lott*: del av fortene)
- dei har opphav i ulike språk (døme: *bok* f. (om tre, frå norrønt) / *bøk* m. (frå dansk))
- dei har ulik bøyning (døme: *drynja* dryn, drunde [drunte], drunt [drund] / *drønna* drønner, drønte, drønt)» (s. 42)

Desse prinsippi er vanskelege å nytta i praksis, og nemdi bryt dei gong på gong, jf. bolken 9.1 ovanfor.

Eitt og same ordet kan hava ulikt semantisk innhald, men ein fører ikkje opp kvar tyding for seg av den grunn. Derimot ser me at nemndi stryk sume ord med ulikt semantisk innhald, t.d. *erga* (mot *ergra*) og *smolt* (*smult*).

Variantane *stør* og *støl* (av *styrd*) har opphav i ulikt mål (vestnorsk : austnorsk), men ein fører dei ikkje opp kvar for seg av den grunn. Derimot ser me at nemndi stryk sume ord med ulikt språkleg opphav, t.d. *sev* (mot *siv*, frå da.).

Eitt og same ordet kan ha ulik bøyning (har *spelt*, har *spela*), men ein fører ikkje opp kvar bøyning for seg av den grunn. Me ser at nemndi stryk mange alternative bøyingsmønster.

Det lyt soleis liggja andre vurderingar til grunn når ein skal skilja åt ord. Kva vurderingar nemndi har gjort, teier dei om.

Rettskrivingsnemndi har sleppt alt dei hadde i hendene av slike vurderingar på ordnivå i den endelege innstillingi. Men problemi fell ikkje bort for di, minder dei har tenkt å lempa alt over på ei opprydjingsnemnd.

9.2 Gamle synder

Når ein skulle rydja opp i normi uavhengig av bokmål, hadde me sétt føre oss at i minsto sume av dei samnorske inkonsekvensane kunne vorte beinka. Døme på dette er:

► *ansvar* n. for °*andsvar*. Førefestet *and-* vert elles skriva so på nynorsk, t.d. i *andføtes* og *andløg*, og skil seg i tyding frå det lånte prefikset *an-*. Det er skilnad i uttala òg. Verb med *an-* fær einstavingstonelag: *antaka* [¹an,ta:ka], *angjeva* [¹an,jɛ:va] – men verb med *and-* fær tostavingstonelag: *andøva* [²an(d),ø:va], °*andsvara* [²an(d),sɔa:ra].

► *søkking* for °*søkkjing* osb., d.e. *-ing* for °*-jing* i verb med *k* eller *g* føre *-ja* i infinitiv. Det er elles *-jing* etter andre konsonantar, t.d. *setjing*, soleis at *søkking* av *søkkja* osb. vert ein systemfeil. I uttala er det skilnad på *søkking* [²søk.kɪŋ(g)] av *søkkja* og °*søkkjing* [²søc.çɪŋ(g)] av *søkkja*. Slike former fær 1 340 tilslag i tekstkorpuset f.o.m. 1990.

► *vitug* el. *vettug* adj. n. for °*vitugt* el. °*vettugt* osb. Til skilnad frå etterfestet *-ig* vert *g-en* i *-ug* jamt over uttala, og dimed *t-en* i inkjekjønn òg. Det læt soleis grovt ugrammatisk

med «eit vitug ord». Etter varianten *-ag* er det dessutan påkravt med *-t* i inkjekjønn: eit *heilagt* ord. Skrivemåten *vettugt* er sers vanleg i unormert bokmål og skriven dialekt mèd,³⁴ og stadfester at dette er rett norsk grammatikk.

9.3 Konklusjon: vantande kunnskap og kjennskap

Det er openbert at det skortar mykje på fagkunnskapen i handsamingi av ordi. Praktisk kjennskap vantar òg. Rettskrivingsnemndi har laga ei lang rekkja med problem og meiningsløysor i staden for å rydja opp i problemi etter sameleis lite gjennomtenkte løysingar frå tidlegare rettskrivingsbrigde.

Det er tankevekkjande å lesa det styret i Språkrådet seier til dette:

«Krafta og soliditeten i arbeidet til nemnda imponerer. Framlegget har fagleg tyngd.»

Har dei ikkje sett seg inn i detaljane i framlegget, har dei ikkje kompetanse til å vurdere fylgjone, eller tykkjer dei det er betre å rydja opp internt i ettertid?

Lista ovanfor representerer ein fagleg kritikk som ikkje kan bortforklårast i generelle vendingar, men krev eit fagleg tilsvar. Dette burde rettskrivingsnemndi og Språkrådet dessutan ha sétt på langt tidlegare. Denne faglege kritikken av einskildord kjem i tillegg til den ålmenne åtfinningi av grunnlag og metode i rettskrivingsarbeidet som gjeng att i resten av notatet.

³⁴ *Vettugt* fær 124 000 tilslag på Google.

Hovudkonklusjonar

Dette notatet har analysert innstillingi til ny rettskriving for nynorsk, attåt arbeidet med denne rettskrivingi i Språkrådet og i den språkrådoppnemnde rettskrivingsnemndi under Grete Riise. Hovudkonklusjonane er:

Det er ikkje gjort greie for kva som skal vera normeringsgrunnlaget for nynorsk skriftmål. Dette er eit viktig spørsmål med di målstoda i Noreg er prega av at dei nedervde norske målføri, det tradisjonelle normeringsgrunnlaget for nynorsk skriftmål, hjå mange målbrukarar vert inndregne i ein omdialektiseringsprosess under press frå standardmålet bokmål. Korkje Språkrådet eller rettskrivingsnemndi diskuterer dette, men set utan ordskifte føre at bokmåliserte dialektar og bokmålsinterferens er eit jamgodt normeringsgrunnlag.

Styrketilhøvet millom bokmål og nynorsk fører dimed til at nynorsk i praksis vert omdefinert til ein variant av bokmål. (► kap. 2)

Den røynelege omdefineringi av normeringsgrunnlaget for nynorsk vert oppfylgd av eit stort inntak av nye former frå bokmål, og utkasting av mange tradisjonelle former. Det gjeld både skrivemåten av ord og bøyingsformer. Tilnærmingi til bokmål held soleis fram for fullt, berre under nytt namn. (► kap. 3)

Vektleggjngi på det nynorske tekstkorpuset til Norsk Ordbok 2014 som sanningsvitne i normeringsarbeidet vert skjemd av vantande teoretisk rådeverk for bruk av statistikken, og stundom store avvik i oppteljngi av tilslag i databasen. Det er dessutan heilt vilkårleg når rettskrivingsnemndi vel å basera seg på tekstkorpuset og når dei nyttar andre kjeldor eller fylgjer heilt andre prinsipp.

Fokuset på statistikk er dessutan uhøveleg: Stoda er slik at bruket er ein del av problemet, og då kan ein ikkje løysa det ved å analysera gjengs bruk og normfesta dét – det reindyrkar problemet og gjev ingi løysing. Løysngi på problemet med det ustøe bruket må vera å skipa eit fastare system som ein kan kjenna att – då lyt ein gjera systematiske val, ikkje statistiske eller ideologiske. (► kap. 4)

Endå rettskrivingsnemndi vil taka ei lang rad former ut or nynorsknormi, vert ho ikkje stramare å sjå til. Grunnen til det er at nemndi samstundes vil føra inn ein god del nye former i ord som ter ofte att i skrift. Rettskrivingsnemndi skjer hardast ned på typologisk valfridom, som ikkje veld synlege vanskar for dei som skriv, men aukar mengdi av valfrie skrivemåtar og bøyngar. Ut ifrå eit brukssynspunkt vert den nye normi difor mindre stram enn gjeldande norm, jamvel om ein reknar med klammeformene. (► kap. 5)

Rettskrivingsnemndi er so vidt innom meir ålmenngilde prinsipp for normering, men presenterer ikkje nær til nokor fullnøygjande utgreiing av dette, endå det stend heilt sentralt i dei vali nemndi lyt gjera. Dei momenta dei faktisk er innom, ter ikkje att i det praktiske arbeidet med normi. (► kap. 6)

Dei to prinsippi frå departementet og Stortinget om framtidig normering er heilt rangsnudde vortne. Prinsippet om sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming er utbytt med ei tilnærmingslina til bokmål. Prinsippet om stabilitet i rettskrivingi er utbytt med ei vid rettskriving som ikkje berre fylgjer den retningi som gjev opphav til ustabiliteten i dag, men som tek høgde for hypotetiske endringar i bruket i framtidi.

Mandatet frå Språkrådet om ei «tydeleg, enkel og stram» norm er heller ikkje oppfylt. Det *tydelege* minkar ved at normi gjev opp eige system og legg seg nærare bokmål. Det *enkle* kverv ved at systematiske reglar og samanhengar i nynorsk vert oppgjevne i byte mot tilfellelege og usystematiske lån frå bokmål. Det *strame* veiknar bort ved at valfridomen i det ordfanget som faktisk vert nytta, aukar. (► kap. 7)

Endå rettskrivingsnemndi lova ein «open prosess», har røyndi vore motsett. Nemndi har medvite halde seg borte frå ordskifte om det meir prinsipielle grunnlaget for normeringsarbeidet. Prosessen har vore einspora, men utan at dei røynde føresetnadene for arbeidet har vore framlagde for ålmenta. Opposisjonen frå tradisjonelt hald er tilsidesett og låtteleggjord trass i ekstremt retorisk fokus på ein «open prosess».

Når styret i Språkrådet so på eigi hand vil laga ei ny «tilrådd norm», som i praksis må fungera som ei hovudnorm, gjer dei i røyndi narr av heile prosessen. (► kap. 8)

Ser me på dei einskilde ordi, finn me mange døme på nylaga problem og meiningsløysor. Dette kan vanskeleg spegla anna enn skortande fagkunnskap i nemndi, attåt vantande kjennskap til praktisk målbruk for ordi det gjeld. Det same lyt gjelda dei andsvarlege i Språkrådet som har gjenge gode for innstillingi. (► kap. 9)

På dette grunnlaget meiner me at innstillingi til ny rettskriving bør avvisast. Det gjev ingen vinst, korkje pedagogisk, kulturelt, økonomisk eller politisk, snarare tvert imot.

Eventuelle framtidige rådgjerder på dette området bør få eit betre og breiare grunnlag enn det Språkrådet har lagt opp til i denne prosessen. Norskt Måldyrkingslag og Ivar Aasen-sambandet vert gjerne med på dette.

Avstyttingar

adj.	adjektiv
bm.	bokmål
da.	dansk
f.	hokjønn
gda.	gamaldansk
germ.	germansk (urgermansk)
GM	Grunnmanuskriptet til Norsk Ordbok
lat.	latin
m.	hannkjønn
n.	inkjekjønn
nn.	nynorsk
NNO	Nynorskordboka
norr.	norrønt (gamalnorsk)
obj.	objekt
part.	partisipp
perf.	perfektum
pl.	fleirtal
pret.	preteritum
pron.	pronomen
urn.	urnordisk
v.	verb